



Rapport frå mellomfasen av prosjekt Nasjonalt Frukt- og Sidersenter - saman for målretta FoU, kunnskap og auka etterspurnad etter fast og flytande norsk frukt

6. oktober 2023



Nasjonalt
Frukt-
og
Sidersenter

Forord

«Nasjonalt Frukt- og Sidersenter – ein nyttig koplingsboks eller eit forstyrrende mellomledd?». Dette retoriske spørsmålet vart stilt i eit av intervju me hadde me ulike aktørar i næringa. Det er nettopp dette me har hatt som mål å svare på i mellomfasen av prosjektet.

Eit nasjonalt senter må landa og finna sin plass i ein allereie etablert struktur, og treffa på ein mangel eller eit utilstrekkeleg område som næringa har. Senteret må også ha evne og vilje til å utfordra etablerte rollar og mønster for å kunne bidra med slik verdi.

Etter å ha gjennomført 18 intervju og samtaler med sentrale personar og organisasjonar innan FoU- og kompetansetiljø, frukt- og siderprodusentar, og i tillegg 14 intervju med folk og institusjonar innan kulturarv og formidling, er me er framleis overtydde om at eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter kan vere «koplingsboksen» næringa treng. Eit nasjonalt senter som kan arbeide for å få eit meir inkluderande og strategisk utvikling om viktige områder som FoU, marknads- og kompetanseutvikling. Konsumfrukt og sidernæringa treng å samarbeide meir, sisteledd og produsentar har mykje dei saman kan bli betre på, det trengs betre og meir tilrettelagd kompetanseutvikling, eksport av sider til utlandet er mogleg, det trengs meir forskning og at forskinga vert gjort tilgjengeleg for brukarane osb.

Det er med andre ord trong for ei sterkare kopling mellom produksjonsleddet og marknaden, mellom alle aktørane i verdikjeda, og mellom FoU-institusjonar. Denne koplinga er ikkje alltid til stades i dag, og eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter kan vere ein katalysator for å få det til.

Ei formidling til ålmenta om frukt- og siderproduksjon i Norge gjennom tidene og i dag, vil kunna visa særpreg, kvalitet og utvikling i norsk fruktproduksjon. Ei slik historieforteljing vil bidra til synleggjere og differensiere norsk frukt frå utanlandsk, og auke preferansen for og konsumet av fast og flytande frukt produsert i Noreg. Det er også eit av måla i rapporten «Grøntsektoren mot 2035».

Forprosjektet vart etablert hjå NIBIO Ullensvang etter oppmoding frå sentralleinga i NIBIO. Prosjektet har vore leia fyrst av forskar Gunnhild Jaastad ved NIBIO Ullensvang i mellomfasen av stasjonsleiar Thomas Harris frå same organisasjon. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe har bestått av Anna Gursli Langesæter, Harald Blaaflat Mundal, Harald Alvavoll, Randi Bårtvedt, Bernt Bucher-Johanessen og dei to nemnde NIBIO-tilsette. Prosjektet har leigd inn Tom Rasmussen (TR Consulting) i arbeidet med koordinere arbeidet og arbeide fram denne rapporten om mellomfasen i prosjekt Nasjonalt Frukt- og Sidersenter.

Prosjektet har vore viktig for å etablere nettverk nasjonalt og lagt til rette for vidare dialog og samarbeid innan næringa. Dette er ei næring med mange og dels små aktørar, der det er stor fare for suboptimalisering dels silo-tankesett grunna manglande koordinering, samarbeid og utveksling av viktig kunnskap innan kvart område og mellom dei ulike ledda i verdikjeda. Det er nettopp dette eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter kan bidra til å gjere noko med og som er verdien av eit slikt senter eller som ein uttalte; «Ein kan nesten sjå frå månen at ein burde fått til meir samarbeid!»

Hardanger, 6. oktober 2023

Tom Rasmussen

Innhold

1	SAMANDRAG.....	5
2	INNLEIING.....	6
2.1	OPPSUMMERING FRÅ FORPROSJEKTET - HOVDRETNINGA FOR EIT NASJONALT SENTER	7
3	MELLOMFASEN - FORANKRE IDÉ OG FÅ INNSPEL.....	10
3.1	MÅL FOR MELLOMFASEN.....	10
3.2	PROSJEKTFASAR	10
3.3	MÅLGRUPPER OG GJENNOMFØRING AV RUNDREISE.....	11
3.4	OPPSUMMERING AV INTERVJU OG SAMTALER FRÅ RUNDREISE.....	13
4	VEGEN VIDARE – OM HANDLINGSALTERNATIVA	17
4.1	MOGLEG PILOT INNAN KONSUMNÆRINGA	18
4.2	MOGLEG PILOT INNAN SIDER- OG MOSTNÆRINGA	18
4.3	MOGLEGHEITSSTUDIE KRING EIT FORMIDLINGSSENTER	19
5	TILRÅDING KRING EIN PILOTFASE	20
5.1	PILOT SIDER- OG MOSTNÆRINGA	20
5.2	PILOT FORMIDLINGSSENTER.....	21
6	DELRAPPORT: FORMIDLINGS- OG BESØKSSENTER.....	23
6.1	ARBEIDSPAKKE 1: KARTLEGGING AV AKTØRAR	24
6.2	ARBEIDSPAKKE 2: INTERNASJONAL ARBEIDSTUR	29
6.3	ARBEIDSPAKKE 3: FORMIDLING/MUSEUM OG EIT REGIONALT VISNINGSSENTER	29
6.3.1	ETABLERA KONTAKTAR OG SAMARBEIDA MED REGIONALE INTERESSENTER I EIT VISNINGSSENTER – NASJONALT VS REGIONALT.....	29
6.3.2	VURDERING AV UTFORMING, FINANSIERING OG DRIFT AV EIT REGIONALT VISNINGSSENTER.....	35
6.3.3	ORGANISERING OG ARBEIDET FRAMOVER MOT EIT KONKRET PROSJEKT I 2024	36
7	VEDLEGG – PRODUKTARK NASJONALT FRUKT- OG SIDERSENTER NYTTA SOM INPUT FØR INTERVJUA OG I ANDRE SAMANHENG.....	37

Figurliste

FIGUR 2-1 HOVDINNHALD I PROSJEKT NASJONALT FRUKT- OG SIDERSENTER.....	6
FIGUR 2-2 VERDIKJEDA INNAN NORSK FRUKT- OG SIDERNÆRING	7
FIGUR 2-3 NASJONALT FRUKT- OG SIDERSENTER SOM KOPLINGSBOKS	8
FIGUR 2-4 HOVUDOMRÅDE FOR EIT NASJONALT FRUKT- OG SIDERSENTER.....	9
FIGUR 2-5 ORGANISERING AV RESSURSAR I EIT NASJONALT FRUKT- OG SIDERSENTER	9
FIGUR 3-1 PROSJEKTPLAN FOR MELLOMFASEN.....	10
FIGUR 3-2 DEI 4 MÅLGRUPPENE FOR INTERVJU OG FORANKRING.....	11
FIGUR 3-3 SAMTÅLEGUIDE NYTTA TIL SEMI-STRUKTURERTE INTERVJU	12
FIGUR 3-4 14 UTSEGN OM NASJONALT FRUKT- OG SIDERSENTER.....	14
FIGUR 4-1 HOVDINNHALD I PROSJEKT NASJONALT FRUKT- OG SIDERSENTER.....	17
FIGUR 4-2 HANDLINGSALTERNATIV FOR PILOTFASE	17
FIGUR 6-1: FRAMSIDE FOR RAPPORT OM FORPROSJEKT NORSK FRUKTSENTER HARDANGER FRÅ ÅR 2000.....	23
FIGUR 6-2 BESØK HJÅ CIDERHUSET I BALESTRAND 17. JANUAR 2023.....	24
FIGUR 6-3 GLAD FRUKTPRODUSENT I INNHAUSTINGA. FOTO: ELISABETH EMMERHOFF	26
FIGUR 6-4 OPEDAL PÅ LOFTHUS, DEL AV UTVALT KULTURLANDSKAP. FOTO: ELISABETH EMMERHOFF.....	27
FIGUR 6-5 GARDSTURISME, SIDERSMAKING OG FORMIDLING AV KULTUR, TRADISJON OG PRODUKT. FOTO: VISIT HARDANGERFJORD.....	28
FIGUR 6-6 PRESENTASJON AV EPLESORTAR UNDER MESSE/FESTIVAL, HEREFORD, ENGLAND.	31
FIGUR 6-7 MEDLEMSMØTE I HARDANGER SIDERPRODUSENTLAG MARS 23 - MED PRESENTASJON AV FORSKINGSRESULTAT, OG SMAKING AV SIDER PRODUSERT IFM. FORSKINGSPROSJEKTET «HISTORISKE SORTAR» VED NIBIO.	32
FIGUR 6-8 FRÅ HARDANGER MUSIKKFEST 2023: GRØDE. FOTO: E. EMMERHOFF	33
FIGUR 6-9 HARDANGEREPLE I GAMALT TRAU. FOTO: ELISABETH EMMERHOFF	34

Tabelliste

TABELL 3-1 OVERSIKT OVER «TURNÉLISTE» FOR FORANKRING	12
TABELL 3-2 ANDRE MØTEPLASSAR.....	13
TABELL 4-1 MOGLEGE ARBEIDSPAKKAR INNAN SIDER OG MOST	18
TABELL 5-1 BUDSJETT PILOT SIDER- OG MOSTNÆRINGA.....	21
TABELL 5-2 BUDSJETT PILOT FORMIDLINGSSENTER	22

1 Samandrag

Nasjonalt Frukt- og Sidersenter er eit prosjekt som vart etablert våren 2021. Det overordna målet er å bidra til å auke volumet av kvalitetsfrukt og -sider gjennom å samle strategisk kompetanse, innovasjon og formidling i eit nasjonal senter. Eit forprosjekt med omfattande analyse og rapport om no-situasjonen vart lagd fram før sommaren 2022. Tilbakemeldingane var positive og det vart vedteke å gå vidare med prosjektet til ein Mellomfase før ein eventuell pilot. Det er resultatet av arbeidet i Mellomfasen som denne rapporten omhandlar.

I Mellomfasen har målet vore å forankre og avstemme innhaldet i forprosjektet med viktige aktørar i verdikjeda. Prosjektet har gjennomført 18 møte med til saman 40 personar frå 24 ulike verksemder og organisasjonar innan FoU- og kompetansmiljø, frukt- og siderprodusentar. I tillegg har me gjennomført 14 intervju og møte med folk og institusjonar innan kulturarv og formidling, samt delteke og presentert Nasjonalt Frukt og Sidersenter på fleire seminar, årsmøte og samlingar.

Tilbakemeldingane og innspela frå aktørane innan frukt- og sidernæringa er sett saman i 14 ulike utsegn som rapporten presenterer. Generelt sett er aktørane både nysgjerrige, interesserte og positive til initiativet. Etter ein omfattande reiserunde og mange intervju, står prosjektet igjen med tre hovudkonklusjonar:

- 1. Konsumfrukt** – Dette er den mest etablerte delen av verdikjeda der det synest å vere vanskelegast å få til ei felles satsing i form av ein pilot. Nyttan er moglegvis størst innan denne delen av næringa, men her er det også størst interessekonfliktar mellom dei ulike aktørane i verdikjeda. Difor er det utfordrande å etablere eit nasjonalt frukt- og sidersenter. Det er heller ikkje ei eksisterande eining eller organisasjon som kunne ha tatt «leiartrøya» i ei slik satsing kanskje med unnatak av Norske Fruktpakkeri. Eit nasjonalt frukt- og sidersenter tek mål av seg å vere ein «koplingsboks». Det er absolutt noko som kunne ha skapt betre strategisk samarbeid for å auke konkurransekrafta til norsk frukt i konkurransen med utanlandsk. I tillegg ligg det fleire viktige samarbeidsområde for konsumfruktnæringa inn mot ein veksande sider- og mostproduksjon. Prosjektet har framleis trua på at det ville ha vore til nytte, men ser at det på kort sikt kan vere vanskeleg å få til.
- 2. Sider- og mostnæringa** – Den yngste og minst etablerte delen av fruktnæringa der det er identifisert behov og etterspurnad etter samarbeid mellom FoU og sidernæring. Samarbeidet er allereie i gang med både samlokalisering av Siderklynga Hardanger og NIBIO Ullensvang, samt etablering av eit sidersenter innan forskning ved NIBIO Ullensvang. Fleire forskingsprosjekt er igangsett. Prosjektet Nasjonalt Frukt- og Sidersenter har synleggjort behovet og vore viktig for å styrka samarbeidet. Det er etablert eit nasjonalt fora som kan bidra med viktig forankring i næringa i form av Fagutvalet for sider og fruktvin som er organisert gjennom bransjeorganisasjonen Hanen. Prosjektet tilrår å etablere ein pilot for eit nasjonalt senter innan sider- og mostnæringa.
- 3. Formidlingssenter** - Prosjektet har utarbeidd eit grunnlag og tilrår ei realisering av eit fysisk visnings- og formidlingssenter for frukt- og sider. Det er søkt midlar til vidare arbeid med moglegheitsstudie og pilot for utforming av prestegardsløa på Lofthus som formidlings- og visningssenter av nasjonal verdi. Dette prosjektet kan starte som eit regionalt visningssenter med samarbeid nasjonalt gjennom eit nettverk av aktørar innanfor frukt- og sidernæringa. Utgangspunktet er å etablere eit informasjons- og formidlingssenter på Lofthus i tilknytning til det unike fagmiljøet og tradisjonane som finst innan fruktdyrking i Ullensvang og Hardanger.

2 Innleiing

Forprosjektet Nasjonalt kompetansesenter for frukt og sider vart etablert hjå NIBIO Ullensvang våren 2021 etter oppmoding frå sentralleinga i NIBIO. Det overordna målet for prosjektet er å bidra til å auke volumet av norskprodusert kvalitetsfrukt til konsum og vidareforedling gjennom å samle strategisk kompetanse, innovasjon og formidling i eit nasjonalt senter for frukt- og sidernæringa. Gjennom FoU og innovasjon skal senteret bidra til å auke produksjonen og forbruket av norskproduserte eple og frukt av høg kvalitet, og samstundes sørge for kvalitet og tilstrekkeleg volum av frukt til sider- og mostnæringa.


Forprosjektet har vore finansiert av NIBIO, Siderklynga Hardanger, Vestland fylkeskommune og Ullensvang fruktlager. Mellomfasen me no er i ferd med å runde av, har i tillegg vore finansiert av Sparebankstiftinga Hardanger, Vestland Fylkeskommune, Hardangerrådet og NIBIO, i tillegg til ressursinnsats frå Siderklynga og Hardanger og Voss Museum frå oppstart av forprosjektet

Mellomfasen er på mange måtar ei forlenging av forprosjektet for å avstemme det som arbeidsgruppa kom fram til i si innstilling og rapport. Prosjektet har vore leia av NIBIO Lofthus og det har vore naturleg å halde fram med denne forankringa og organiseringa i Mellomfasen der arbeidsgruppa har vore:

- Thomas Harris, NIBIO (prosjektleder)
- Harald Alvavoll, Ullensvang Frukklager
- Gunnhild Jaastad, NIBIO
- Randi Bårtvedt, Hardanger og Voss Museum
- Anna Gursli Langesæter, Siderklynga
- Tom Rasmussen, TR Consulting (innleigd prosjektressurs)
- Harald Blaaflat Mundal, fruktprodusent i Sogn
- Bernt Bucher-Johannessen, Hanen

Styringsgruppa for forprosjektet har vore den same som tidlegare dvs. NIBIO, Vestland Fylkeskommune, Siderklynga, Ullensvang Frukklager og Hardangerrådet/Ullensvang kommune. Figur 2-1 viser planlagt innhald i dei 4 hovudfasane i prosjekt Nasjonalt Frukt- og Sidersenter.

Figur 2-1 Hovudinnhald i prosjekt Nasjonalt Frukt- og Sidersenter



Forprosjektet leverte ein omfattande analyse og rapport av no-situasjonen innan frukt- og sidernæringa med framlegg om fleire tiltak som eit senter kunne bidra til å løyse. Rapporten vart lagd fram før sommaren 2022 og presentert for styringsgruppa hausten same år. Tilbakemeldingane var positive, og det vart vedteke å gå vidare med prosjektet i ein Mellomfase for å forankre og få innspel frå ulike aktørar i næringa og dermed «syreteste» i kva grad dei ulike aktørane i næringa ser nytten i etableringa av eit slikt senter. Tilbakemeldingane til rapporten var at prosjektet skulle sørge for:

- å lage ein kortversjon av rapporten som kan nyttast i innsal og forankring hjå ulike grupper
- å utvikle eit «prøveprosjekt»/ein pilot i staden for å sette opp eit hovudprosjekt
- å lage ein plan for forankring av idéen bak, og bakgrunnen for, eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter
- å skilja ut arbeidet med eit formidlingscenter som ein eiga del av prosjektet, og jobbe vidare med innhaldet i eit slikt formidlingscenter. Her har Randi Bårtvedt arbeidd med å kartleggja kva som finst frå før og korleis eit slikt senter kan sjå ut i ein eigen delrapport (kapittel 6 i rapporten).


2.1 Oppsummering frå forprosjektet - Hovudretninga for eit nasjonalt senter

Frukt og bær er den største enkeltnæringa innan grøntsektoren med ein produksjonsverdi på 5,4 mrd. kroner i 2021. Norske siderprodusentar har auka salet av sider gjennom Vinmonopolet frå 31.000 liter i 2016 til 279.384 liter i 2022 - ei auke på 801 %, og veksten held fram med ei auke på 19 % i første halvår i år kontra i fjor. I tillegg til sal gjennom Vinmonopolet kjem sal frå gardsutsal, daglegvare, Horeca og eksport av sider og most. Siderprodusentane har mål om å produsere meir enn 1 mill liter innan 2025.

Frukt- og sidernæringa er meir enn nokon gong i ei brytningstid. Det er trong for meir kvalitetsfrukt både til konsum og sider. I magre år vert det rett og slett for lite frukt. Samstundes er det ei politisk satsing på frukt og grønt med mål om å auke den norsk-produserte delen av totalomsetnaden. Meir frukt trengst og då er det behov for meir forskning og utvikling kring kvalitet og produktivitet. Ikkje minst må innovasjon bli mykje meir driven av sluttkunden og etterspurnaden i marknaden. Verdikjeda «frå jord til bord» er stor i breidde og djupne med mange aktørar og interessentar som figuren under viser. I ei næring med mange og dels små aktørar, er det stor fare for suboptimalisering og dels silo-tankesett grunna manglande koordinering, samarbeid og utveksling av viktig kunnskap innan kvart område og mellom dei ulike ledda i verdikjeda.


Figur 2-2 Verdikjeda innan norsk frukt- og sidernæring

- Eit nasjonalt frukt- og sidersenter må ta utgangspunkt i korleis verdikjeda fungerer i dag, avdekke potensialet og få dei ulike aktørane til å spille betre på lag!



Eit nasjonalt kompetansesenter for frukt og sider vil kunne bidra til auka samarbeid og strategisk satsing på forskning, innovasjon, marknads-/forretningsutvikling og kompetansebygging innan frukt og sider. Figur 2-3 syner korleis eit nasjonalt senter kan spele ei rolle som «koplingsboks», koordinator og bindeledd mellom brukarane, FoU-miljøa og aktørar kring frukt- og sidernæringa.

Figur 2-3 Nasjonalt Frukt- og Sidersenter som koplingsboks



Kva verdi kan eit nasjonalt senter skape?

I rapporten 'Grøntsektoren mot 2035' slår Grøntutvalet fast at: «Grøntsektoren manglar fellesskaps-løysingar for prioriteringar innan forskning, utvikling og innovasjon». Utvalet sa at tyngdepunktet for FoU må skyvast frå produktivetsforbetringar og over mot utvikling av norsk kvalitet og særpreg. «Grøntrapporten» vart levert våren 2020, og Forum for Norsk Grønt vart etablert for å realisere måla i rapporten. Utvalet teiknar eit optimistisk og ambisiøst bilete for heile grøntsektoren med klare mål om både å auke forbruket og auke den norskproduserte delen av frukt og grønt. Dette vil ikkje gjere seg sjølv. Kjernepunktet er at veksten må skje gjennom utvikling av mangfald i tilbodet av frukt og grønt gjennom innovasjon retta mot produktivitet, men i endå større grad mot forbrukarane og etterspurnad i marknaden. Det er trøng for å få til ei sterkare kopling mellom produksjonsleddet og marknaden, og mellom aktørane i verdikjeda og dei som driv med forskning og utvikling. Denne koplinga er ikkje alltid til stades i dag, og det er her eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter kan vere ein katalysator innan denne viktige delen av grønneringa. Den overordna grunntanken med eit slikt senter er:

«Støtta frukt- og siderneringa ved å fremja samhandling og løyse utfordringar innan FoU, marknad- og kompetanseutvikling slik at det vert attraktivt for aktørane å investere i og vidareutvikle næringa i åra som kjem.»

Grunnidé for Nasjonalt Frukt- og Sidersenter

Målet er å få etablert eit nasjonalt frukt- og sidersenter med formål om å:

- 1) Ta initiativ til å samkøyre felles FoU-prosjekt med stor innverknad på etterspurnad og/eller produktivitet
- 2) Formidle lærdom, kompetanse og byggje infrastruktur som næringa treng
- 3) Vere eit senter som har oversyn og kontaktnett innan det beste som finst av kompetanse og utviklingsressursar innan frukt- og siderforskning i Noreg
- 4) Samarbeide og byggje relasjonar til aktørar innan kringliggjande næringar som gardsturisme, kulturarv/museum, festivalar, internasjonale aktørar/partnarar og liknande

Kva må til for å lukkast?

Prosjektet har som vist i figur 2-4 identifisert 3 kritiske område ein må lukkast med og levere på; 1) Forsking og utvikling, 2) Marknadsinnsikt og 3) Kompetanse og formidling. Desse tre områda er viktig kvar for seg, men er og i høg grad avhengig av kvarandre. I tillegg vil det vere avgjerande at dei ulike aktørane i verdikjeda er involvert i styringa av senteret for å forankre mål og prioriteringar og å få til samhandling og relasjonar på tvers av verdikjeda.

Figur 2-4 Hovudområde for eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter

1. Forsking og utvikling

- Vere eit nav og ein pådrivar for meir, betre koordinert og etter-spurnadsdriven FoU med bakgrunn i tilrådinga frå Grøntutvalet om ; 70 % FoU kring norsk kvalitet og særpreg, og 30 % kring produktivitet i heile verdikjeda.

2. Marknadsinnsikt

- Ha innsikt i utviklinga i marknaden og hjå forbrukarane for frukt, most og sider. Arbeide for å samle FoU-miljø, aktørar og interessegrupper til felles prosjekt med innverknad på produktivitet, kvalitet og etterspurnad.

3. Kompetanse og formidling

- Arbeide for å auke formidlinga av kunnskap og kompetanse tilpasse dei ulike aktørane i verdikjeda. I tillegg formidle kunnskap til ålmenta om næringa si historie, notid og framtid.



Kva for innhald og organisering?

Forprosjektet konkluderte med at det er naturleg å organisere ressursane i eit nasjonalt senter kring desse tre hovudområda. Figur 2-5 skildrar dei tre områda og litt om innhaldet i kvar av dei. Forprosjektet gjekk ikkje i djupne, men skisserte 15 aktuelle prosjektområde som eit nasjonalt senter kan bidra til å koordinere eller ta initiativ til i lag med aktørane i næringa. Alle desse har ein parallellitet og vil ha innverknad på måla i «Grøntrappen» om skyving av tyngdepunkt i FoU til 70 % norsk kvalitet og særpreg og 30 % produktivitet.

Figur 2-5 Organisering av ressursar i eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter



Organiseringa og styringsmodellen for senteret blir særskild viktig. Forprosjektet la vekt på at senteret må vere godt rotfesta i heile verdikjeda med eit «multi-dimensjonalt» styresett der viktige aktørar i verdikjeda er representert, som folk frå ulike FoU-miljø, produsentar (konsum, sider, gardsturisme), pakkeri, sisteledd, offentlege, Horeca osv. I tillegg må ein sikte mot ein god geografisk representasjon. Ei slik tilnærming vil verke inn på samansetnaden av styret, årsmøtet, rådgjevande utval, utvikling av kommunikasjon og nettverk og samspel. Ei stifting kan vere ein tenleg selskapsform, men dette må sjåast nærare på i ein seinare fase av prosjektet.

Suksessen til eit senter vil vere avhengig av den verdi senteret klarer å skape og tilføre aktørane i frukt- og sidernæringa. Difor har det vore viktig å få avklart både forventningar næringa har og kva konkrete innspel interessentane har til kva eit slikt senter skal prioritera å jobbe med innan FoU, marknads- og kompetanseutvikling, inkludert formidling. Difor gjekk forprosjektet over i det me har kalla ein Mellomfase, der me har prioritert å nå ut til ulike deler av næringa for å få innspel på kva nytte eit nasjonalt frukt- og sidersenter kan ha for den einskilde aktør og for næringa som heilskap.

3 Mellomfasen - Forankre idé og få innspel

Prosjektet Nasjonalt Frukt- og Sidersenter er eit initiativ som spring ut frå Hardanger – det største frukt- og siderdistriktet i Noreg. Difor har me fyrst og fremst vendt oss mot andre delar av landet i Mellomfasen, og mot marknadssida av næringa. Dette for å forankre og få innspel til kva nytte eit slik senter kan ha i næringa hjå fleire aktørar i verdikjeda og geografiske fruktområde.

3.1 Mål for Mellomfasen

I Mellomfasen har me hatt som mål å forankre, få synspunkt og innspel frå viktige aktørar i frukt- og sidernæringa. Hovudinnhaldet i Mellomfasen har vore:

- 1) Forankre ideen om eit frukt- og sidersenter, gjerne nasjonalt, hjå produsentar, marknad-, forskings- og kulturarvmiljø.
- 2) Få ei djupare forståing for kva for drivarar og barrierar som eksisterer for etablering av eit nasjonalt senter
- 3) Få innspel og tilbakemeldingar på konkrete utfordringar og/eller mogleg innhald i og styring av eit slikt senter – frå interessentane og andre nasjonale senter
- 4) Organisere og finansiere - Få på plass finansiering og avklare korleis ein best kan organisere og få med seg viktige institusjonar og ressurspersonar inn i Pilotfasen
- 5) Kartleggja kva som finns av kunnskaps-, museums- og formidlingssenter. Dette er skildra meir i delprosjektet i kapittel 6 i denne rapporten.

3.2 Prosjektfasar

Mellomfasen vart delt inn i tre fasar som skissert under.

Figur 3-1 Prosjektplan for Mellomfasen




Prosjektplanen vart gjennomført i all hovudsak etter oppsettet i figur 3-1.

3.3 Målgrupper og gjennomføring av rundreise

Målgruppa for forankring har vore tufta på å få ei breiast og mest mogleg representativ gruppe i næringa. Figur 3-2 viser at me har hatt 4 hovudmålgrupper for auga med personar, organisasjonar og selskap innan:

- 1) FoU, kompetansemiljø og interesseorganisasjonar
- 2) Sider- og mostprodusentar
- 3) Fruktprodusentar og -pakkeri
- 4) Sisteledd og etterspurnadssida

Figur 3-2 Dei 4 målgruppene for intervju og forankring



I Mellomfasen har me gjennomført 18 møter med til saman 40 personar frå 24 ulike verksemder og organisasjonar. I tillegg har me intervjuet 14 ulike institusjonar innan kulturarv og formidling, samt delteke og presentert Nasjonalt Frukt og Sidersenter på fleire seminar, årsmøte og samlingar. Tabell 3-1 viser kva for selskap/organisasjon me har hatt møte med innan frukt- og sidernæringa.

Me har danna oss eit godt bilete av synspunkt og prioriteringar. Det viktigaste med møta har vore å få sentrale einingar og ressurspersonar i tale. Me er ikkje blitt avvist, men heller møtt med genuin interesse for kva dette er, og kva rolle og funksjon eit nasjonalt senter kan ta på seg for næringa.

Me har ikkje intervjuet sluttkunden direkte, men indirekte har me fått input om desse gjennom samtalan spesielt med aktørar innan sisteledda. Innsikt og kunnskap om sluttkunden er i seg sjølv særst viktig for aktørane å ha god innsikt i, for å vite og kjenne til trendar og preferansar som kundane har. I dag er dette dels offentleg, men i stor grad informasjon som spesielt sisteledda sit på. Ofte kjem det påstandar som til dømes at forbrukarane føretrekk ein sort, eller ikkje har betalingsvilje nok for norsk frukt osv. utan at dette vert dokumentert eller formidla til FoU-miljø, pakkeri, produsentar eller andre. Her kan eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter eventuelt ta ei rolle.

Alle møta har vore fysiske og har hatt same oppbygging. Me har nytta ein semi-strukturert intervjuemotode som tilnærming. Før møta sendte me ut ein agenda og eit to-siders produktark som skildra kva tankar som ligg i eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter (sjå vedlegg). Møta starta med ein kort presentasjon av bakgrunn og innhald i forprosjektet, der det siste lysbiletet inneheldt 4 konkrete spørsmål som me styrte intervjuet/samtalene kring. Me spurte heilt spesifikt om dei tre hovudområda som forprosjektet kom fram til var sentrale for senteret å levere på: FoU, marknads- og kompetanseutvikling.

Figur 3-3 Samtaleguide nytta til semi-strukturerte intervju

Spørsmål til diskusjon og dialog

1. Utan å stussa - kva tankar har de om våre førebelse tankar?
2. Innan kva for spesifikke områder/prosjekt kan eit slikt senter spele ei nyttig og viktig rolle:
 - FoU
 - Marknads- og næringsutvikling
 - Kunnskap-/kompetanseutvikling
3. Korleis forankre og involvere dei ulike interessentane i verdikjeda, og kva rolle kan de spele i eit slikt senter?
4. Kva råd kan de gje oss i det vidare arbeidet, og kva skal til for å lukkast?




12

Møtelista under viser kven me har hatt intervju og hatt samtaler med, samt andre arenaer og seminar me har delteke på.

Tabell 3-1 Oversikt over «turnéliste» for forankring

Dato	Aktørar	Kven me møtte?	Kven frå oss
15.12	Nasjonalt Villakssenter	Dagleg leiar Alf Olsen jr.	Harald BM, Tom
4.1	NorgesGruppen og Meny	Kategorisjef Meny Einar Gundersen Lokalmat ansvarleg Einar Haalien Kategorisjef Frukt og Grønt NG Pål Westby	Bernt, Harald BM, Tom
4.1	Bama	FoU-sjef Harald Osa	Bernt, Harald BM, Tom
4.1	Gartnerhallen	FoU- og innovasjonssjef Ellen-Margrethe Hovland	Bernt, Harald BM, Tom
5.1	Stiftelsen Norsk Mat	Fagsjef Lokalmat Nina W. Hegdahl	Harald BM, Tom
5.1	Norges Bondelag	Nestleiar Bodhild Fjelltveit Knut Byrkjenes Hauso, Vestland Bondelag Merete Støfring, Vestland Bondelag Senior rådgjevar Per Harald Agerup Rådgjevar Lokalmat Kari Marte Sjøvik	Bernt, Harald BM, Tom
11.1	Njøs Frukt- og Bærsenter	Dagleg leiar Stein Harald Hjeltnes	Gunnhild, Harald BM
11.1	NLR Vest	Nestleiar Stine Huseby Rådgjevar Tonje Fjogesund	Gunnhild, Harald BM
17.1	Balholm Sogn Siderlaug Sogn Frukt & Grønt	Dagleg leiar Åge Eithungjerde Balholm Styreleiar Endre Kleiveland, Sogn Frukt & Grønt Mette Heiberg, Sogn Frukt- og Siderlaug Nestleiar Kari Sigrun Lysne, Sogn Frukt & Grønt	Anna, Harald BM, Tom
26.1	Vinmonopolet	Produktsjef øl og sider David Gardonio Produktsjef brennevin Idar Sørensen	Bernt, Harald BM, Tom
27.1	Coop Norge	Frukt- og grøntdirektør Hanne Brennhovd Ass. Dir. Frukt og grønt Atle Alexander Olsen	Bernt, Harald BM, Tom
3.2	Ryfylke	Dagleg leiar Dan Olav Sæbø, Apal Sideri Dagleg leiar Agnar Apeland, Ryfylke Fellespakkeri Jo Arild Tønnessen, Sandalen Gård, Randaberg	Anna, Tom

Dato	Aktører	Kven me møte?	Kven frå oss
7.2	Telemark	Dagleg leiar Bjørg Hesthag, Telefrukt Spesialrådgjevar Svein Børte, Telefrukt Rådgjevar Jan H. Mæland, Vest-Telemark komm. DL Ole Christoffer Røste, NeRø Frukt & Sider	Anna, Harald BM, Randi, Tom
8.5	Opplysningskontoret for Frukt og Grønt (OFG)	Dagleg leiar Guttorm Rebnes	Harald BM, Tom
9.5	Prosjekt satsing i utvida sesong	Prosjektleiar Tonje Bergh Konsulent Even Westby	Harald BM, Tom
15.5	Grøntprodusentenes Samarbeidsråd	Daglig leder Morten N. Andersen Fruktlagerinspektør Leif Øie	Harald BM, Tom
27.5	Møte Riksantikvar og Opplysningsvesenets fond (OVF)	Riksantikvar Hanne Geiran Kulturminneutviklar Øyvind Sandvold, OVF	Randi, Harald A. Thomas, Tom
23.6	NIBIO	Divisjonsdirektør Audun Korseth Avdelingsleder/forskingssjef Inger Martinussen Forskingdirektør Per Stålnacke	Anna, Bernt, Gunnhild, Harald A., Harald BM, Thomas, Tom

Tabell 3-2 Andre møteplassar

Dato	Aktører	Kven me møte	Kven frå oss
22.11	Norske Fruktpakkeri	Medlemsmøte i Telemark	Harald A, Harald BM
15.3	Ullensvang Fruktlager	Årsmøte medlemmane	Anna, Tom
25.4	Seminar – Kva kompetanse treng frukt- Og sidernæringa i dag og i framtida?	Regi Hardangerråd med deltakarar frå Vestland Fylkeskommune, Bondelaget, Bonde- og Småbrukarlag, Hjeltnes Fagskule, Vidare- gåande skular, Hardanger kommunar osv.	Anna, Randi, Thomas, Tom
28.4	Agenda Vestland	Dagleg leiar Frode Nergaard Fjeldstad	Tom
11.-12.5	Hardanger Internasjonale Siderfest	Siderprodusentar og andre	Anna, Bernt
12.6	Norske Fruktpakkeri	Lofthus	Gunnhild, Harald BM, Tom

3.4 Oppsummering av intervju og samtaler frå rundreise

Rundreisa me har vore på har gitt oss innspel frå store delar av verdikjeda. Me har snakka med og fått innspel frå sentrale personar innan:

- Frukt- og sidermiljø i Sogn, Telemark, Ryfylke og dels Hardanger
- Sisteledd og interesseorganisasjonar i Oslo som Coop, Norgesgruppen, Bama, Gartnerhallen, Norges Bondelag, Stiftelsen Matmerk, Opplysningskontoret for Frukt og Grønt (OFG) og Vinmonopolet.
- Forskingmiljø som NIBIO, Njøs og NLR

Det er skrive referat frå alle samtalene. Me har oppsummert intervjuet i 14 utsegn som vist figur 3-1.

Figur 3-4 14 utsegn om Nasjonalt Frukt- og sidersenter

	«Flott initiativ, men vanskeleg å få til: Mange aktørar, veldig breitt prosjekt.»
«Veldig positivt initiativ - bra dere vil diskutere dette med oss!»	«Heiar på tiltaket, men må forankrast nasjonalt, ikkje berre i vest»
«Optimal timing for eit slikt initiativ no!»	«Nyttig koplingsboks eller forstyrrende mellomledd?»
«Vanskeleg å ta posisjonen, og skaffe den tilliten eit slikt senter må ha»	«Viktig å samle FoU på en plass, og som er tilgjengeleg for fleire. Sær viktig i ei næring med mange små produsentar»
	«Eit slikt senter hadde hjulpet mange vidare - vinn-vinn for mange!»
	«Det er veldig viktig å sikra kvalitetsbiten.»
«Viktig å involvere sisteleddet – veldig bra at de har tatt møte med dei!»	«Skal me forsøka å påvirka myndigheter i dette?»
	«Jo tettare på marknaden jo meir proteksjonisme. Senteret sin kompetanse vil bestemme kor attraktive dei er som samarbeidspartner.»

Utsegn 1 - «Veldig positivt initiativ - bra dere vil diskutere dette med oss!»

Me vart teke vel i mot av alle aktørane me kontakta. Aktørane innan marknads- og sisteleddet sat spesielt stor pris på initiativet fordi dei i andre prosjekt i liten grad var blitt kontakta og høyrd. Dette er eit uttrykk for mangel på arenaer for samtaler og samhandling på tvers i heile verdikjeda mellom produsentar/-pakkeri, FoU- og kompetansemiljø og dei som sit nærast sluttkunden.

Utsegn 2 - «Viktig å involvere sisteleddet – veldig bra at de har tatt møte med dei!»

Ein refleksjon ein får gjennom samtalene er dei «opplesne og vedtekne sanningane» som eksisterer. Eksempelvis:

- Produsentmiljø hevdar; «Me har ikkje så mykje å seie når det gjeld sluttkunden og marknaden. Det er Bama, Norgesgruppen, Coop og Rema som tek avgjerd om alt frå pris, sortar, eksponering osv.»
- Når ein deretter snakkar med sisteledda seier dei: «Me er opptekne av kundane og deira preferansar, og så må me ha lønsemd i det me sel. Om produsentledda har innspel om korleis me betre kan få dette til, så er me ikkje uinteressert i å høyre på dei!»

Dette skildrar den situasjonen ein kan oppleve i næringa; nemleg at dei ulike aktørane sit i kvar sin krok og held på med sitt utan at det finst nokon arena for å diskutere og bli einige om retning og viktige felles initiativ som vil tene heile næringa på kort og lang sikt. Det er nettopp dette eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter må ta mål av seg å legge til rette for. Frukt- og siderproduksjon er ein langhala bransje der det å vere langsiktig og føreseieleg er avgjerande for å kunne kapitalisere på planting og investeringar. Heile verdikjeda er tent med å få til ein langt meir grundig og open dialog. Eit nasjonalt senter kan vere både initiativtakar og koordinator for dette.

Utsegn 3 - «Flott initiativ, men vanskeleg å få til: Mange aktørar, veldig breitt prosjekt.»

Like mykje som at aktørane kan sjå nytten til eit nasjonalt senter, like mykje seier dei at det kan vere vanskeleg å få til konsensus om kva som er viktig, og femne både om konsumfrukt, sider, most, forskning, kompetanse, forbrukarar osv. Frukt- og sidernæringa er ei stor verdikjeda med sær mange aktørar med ulike interesser og dels ulikt syn. Difor peika fleire på at det er innan sidernæringa eit nasjonalt senter kan ha størst innverknad og er raskast og lettast å etablere.

Utsegn 4 - «Vanskeleg å ta posisjonen, og skaffe den tilliten eit slikt senter må ha»

Dette utsegna kompletterer utsegn 3, men peikar i tillegg på at eit nasjonalt senter må ha ei nødvendig autoritet i form av at det både må ha kompetente ressursar og må skape ei involvering og organisering som aktørane ser sitt mon i. Eit senter må vere godt rotfest i heile næringa.

Utsegn 5 - «Jo tettare på marknaden, desto meir proteksjonisme. Senteret sin kompetanse vil bestemme kor attraktive dei er som samarbeidspartner.»

Politikk og maktkamp eksisterer i alle næringar og så absolutt innan frukt- og sidernæringa, både geografisk og mellom dei ulike aktørane. Det vart hevda at alle vil samarbeide i starten, men ting vert etter kvart meir proteksjonistisk. Folk er seg sjølv nok og omgrepet «What's in it for me?» er ofte gjeldande. Over tid kan det bli ei form for slitasje mellom dei som skal samhandle. Det avgjerande vil vere måten senteret involverer og samhandlar med aktørane på, og ikkje minst at dei som er ressurspersonar i senteret har høg tillit og truverd innan næringa.

Utsegn 6 - «Konsum + sider som eitt? Kan absolutt vere synergjar her, spesielt i forvaltning av frukt som ikkje går til konsum. Dette er berekraftig også!»

Felles for både konsum og sidernæringa er opphavet. Det er frukta som er fellesnemnaren og grunnlaget. Spesielt i år med lite frukt ser ein at det fort opnar seg ein høgrøysta diskusjon om fordeling, sortsval, prisar osv. I tillegg ligg det eit berekraftperspektiv for næringa i å nytte frukt som ikkje er god nok, og å redusere svinn gjennom verdikjeda heilt fram til forbrukar. Dette kan saman med rein mat vere ein unik moglegheit i å differensiere norsk frukt høvesvis utanlandsk.

Utsegn 7 - «Optimal timing for eit slikt initiativ no!»

Aktørar som arbeider i koordinerande funksjonar mellom tilbod- og etterspurnadsida la vekt på at det skjer mykje godt arbeid innan næringa, men utfordringa er at ein ikkje alltid veit om kvarandre. Bakom ligg faren for suboptimalisering, dvs. at kvar for seg er tiltaka gode, men samla sett vert det ikkje godt nok samordna eller balansert ift kva det overordna målet er, nemleg auka produksjon og etterspurnaden etter norsk fast og flytande kvalitetsfrukt.

Utsegn 8 - «Eigarskap og styring vil vere viktig i eit nasjonalt frukt- og sidersenter»

Fleire framheva at forankringa og styringa av eit Nasjonalt Senter må stå sentralt. Det må, som me og har påpeika i forprosjektet, vere eit styresett og ei involvering i heile næringa, som gjer at senteret får det truverdet og den legitimiteten som er avgjerande. Me bora ikkje meir i dette, men tok med oss at dette må med i det vidare arbeide med pilot og til sjuande og sist i etablering av senteret.

Utsegn 9 - «Heiar på tiltaket, men må forankrast nasjonalt, ikkje berre i vest»

Initiativet til etablering av prosjekt Nasjonalt Frukt- og sidersenter kjem frå frukt- og sidermiljøet i Hardanger. I tillegg kjem det frå FoU- og produsentsida av næringa. Alle menneske har det dei kallar ei pre-disposisjon eller subjektiv tolking av ulike budskap/initiativ som lett kan farge haldninga deira. Det kan fort bli møtt med tanken; «Dei gjer det berre fordi det tenar deira sak?». Fleire streka under at eit nasjonalt senter må tenkje «alle skal med» for å lukkast. Dette kom ikkje som ei overrasking, men heller ei stadfesting av kor viktig dette er for det vidare arbeidet. Stigmatisering av initiativ og meiningar ut frå kven som kjem med dei, er ei velkjend utfordring.

Utsegn 10 - «Viktig å samle FoU på en plass, og som er tilgjengeleg for fleire. Særs viktig i ei næring med mange små produsentar»

Dette utsegna kom spesielt frå FoU- og produsentmiljøa. Fleire tok til orde for at det hadde vore ynskjeleg å samle, systematisere og legge til rette for deling av resultat og prosedyrar i ein database som vart gjort tilgjengeleg i næringa. I dag vert det forska på mykje kring planting, sprøyting, lagring, sortar, smaksutvikling, fermentering, kundepreferansar osv. Det finns ikkje ein nasjonal kunnskapsdatabase som har som mål å systematisere og legge til rette for slik kunnskap. Kvar og ein av produsentane har ikkje ressursar til dette. Difor er dette eit område for eit nasjonalt senter.

Utsegn 11 - «Eit slikt senter hadde hjelpt mange vidare - vinn-vinn for mange!»

Frukt- og sidernæringa har mange små produsentar som er medlemmar av produsentorganisasjonar som Gartnerhallen, Produsentforeningen 1909 og Norggrønt. Dei arbeider for interessene til sine produsentar kvar for seg. Å leggja til rette for samarbeid og samhandling som eit tilbod til alle ville styrka produsentleddet uavhengig av kva organisasjonseining ein er tilslutta.

Utsegn 12 - «Det er veldig viktig å sikra kvalitetsbiten.»

Alle er opptekne av kvalitet. Utsegna vitnar om at det er eit ønskje om å få på plass eit betre kvalitetssystem innan næringa – både for konsumfrukt og pressfrukt. Ein arbeider i dag for eit kvalitetssystem for sider – både lokalt i Hardanger og nasjonalt for norsk sider.

Utsegn 13 - «Skal me forsøka å påverka myndigheiter i dette?»

Kan eit nasjonalt senter vere, og opptre som, ein politisk aktør for næringa? Spørsmålet vart stilt i eit av dei geografiske produsentmiljøa. Kven kan fremja interessene til frukt- og sidernæringa? Kor skjer forhandlingane, kor ligg makta: gardsutsal, politisk, organisasjonar, butikkar/daglegvare osv. Det finns frå før fleire bonde- og produsentorganisasjonar som representerer interessene til frukt- og siderbønder. Eit nasjonalt senter kan truleg meir ta rolla som eit ekspert-/kompetansesenter for næringa og kanskje då bli invitert inn i ulike nasjonale utval og prosjekt i tillegg til å vere ein høyringsinstans i ulike samanhengar.

Utsegn 14 - «Nyttig koplingsboks eller forstyrrende mellomledd?»

Eit av dei mest treffande utsegna kom frå FoU-sjef Ellen-Margrethe Hovland i Gartnerhallen. Senteret «landar» i eit allereie etablert landskap og nettverk av aktørar, og mange kan då spørje «kva er det deko vil?» Skal senteret ha sin rett, må det nettopp bidra til å vere denne koplingsboksen som kan gje nytte og bidra til ei meir målretta og strategisk utvikling av næringa. Er det noko næringa IKKJE treng, så er det fleire forstyrrende mellomledd!


Det eksisterer ingen møteplass eller arena for heile næringa

Me har delteke på fleire seminar og samlingar innan frukt- og sidernæringa. Det er ikkje mangel på møteplassar, men heller mangel på arenaer der heile næringa tar del. Det finst ei rad med arenaer og samlingar som til dømes Norske Frukt dagar, Siderfestivalar, årsmøte i ulike organisasjonar, kompetansesamlingar og mykje meir. Likevel, det finnes ikkje samlingar der heile næringa er samla for å diskutere viktige strategiske emne for heile næringa. Eit døme er Norske Frukt dagar arrangert av NLR, med tema og innlegg med primærfokus på biologi, sortsprøving, skadedyr, sprøyting mm. Det var lite fokus på tema om sluttkunden, marknadssida og etterspurnad etter konsumfrukt og sider. Sisteleda glimra også med sitt fråvær. Dette er ikkje for å hengja ut NLR, men meir meint for å skildre eit bilete som er symptomatisk for næringa. Kvar del av verdikjeda har sine møteplassar og ser ut til å ha nok med seg sjølve, men næringa manglar ein heilskapleg arena om ein skal klare å samla kreftene om å utvikle norsk frukt- og sidernæring.

4 Veggen vidare – om handlingsalternativa

Det er gjennom forprosjektet og mellomfasen definert mål, innhald og retning for eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter. Tilbakemeldingane i Mellomfasen er at aktørane anerkjenner at eit nasjonalt Frukt- og Sidersenter kan ta ei rolle som ein koplingsboks innan næringa. I fyrste omgang må senteret spissast inn mot det som er enklast og raskast å kome i gang med. I tillegg er aktørane samde om at eit eventuelt formidlings-senter kan plasserast på Lofthus i Hardanger. Lofthus med både historia om munkane, prestegarden, frukthagane, produsentmiljøa, landskapsvernområde og FoU-miljøet NIBIO, er på mange måtar det næraste ein kjem i Noreg for eit epi-senter for norsk frukt og sider. Dette er også konklusjonen i delrapporten om eit formidlings- og besøks-senter (sjå kapittel 6).

Figur 4-1 Hovudinnhald i prosjekt Nasjonalt Frukt- og Sidersenter




Neste steg er å sjå på potensielle pilotprosjekt. Ein pilot skal vere eit konkret samarbeid mellom FoU-miljø og næring/produsentmiljø, men må også ta mål av seg å være ein arena der piloten inviterer viktige aktørar inn gjennom representasjon i styrings- og arbeidsgrupper og i aktuelle workshops – det me kallar demokratisering i figur 4-1.

Prosjektet har sette nærare på 3 ulike retningar i figur 4-2 som ein kan prioritera i ein pilotfase:

1. Ein pilot innan konsumnæringa
2. Ein pilot innan sider- og mostnæringa
3. Eit moglegheitstudie kring eit formidlings-senter for frukt- og sider

Figur 4-2 Handlingsalternativ for pilotfase



4.1 Mogleg pilot innan konsumnæringa

Konsumfrukt er den mest etablerte delen av frukt- og sidernæringa i Noreg. Her er det stor breidde i heile verdikjeda og det er her me ser at det kan være mest særinteresser og mest posisjonering og politikk. Det kan vere vanskeleg å få til ein pilot nett no for denne delen. Spesielt om me ynskjer å komme raskt i gang med å samle sentrale aktørar. Me manglar dessutan ei naturleg forankring innan konsumnæringa. Fruktpakkeria kunne kanskje ha teke ei leiande rolle i dette.

Utfordringane innan konsumnæringa er på ingen måte ubetydelege, og behovet for tettare samarbeid og samhandling i næringa er stort. «Ein kan nesten sjå frå månen at ein burde fått til meir samarbeid innan konsumfrukt», var det ein som sa. Konsumnæringa vil vere i ein situasjon der ein oftare vil sjå for seg overproduksjon, som i inneverande år. Me ser no truleg effekten av mykje planting dei seinare åra, og at lønsemda med å drive har utvikla seg positivt. Fleire ynskjer å satse. Aukande mengder av frukt gjer at det er behov for mellom anna betre koordinering av produksjon, sortsutval, handtering av svinn, produktutvikling av klasse 2 frukt («Korleis utvikla og utvida restverdien av frukt?», lokalmatsatsing osv.) Hovudutfordringa er at totalmarknaden for frukt ser ut til i beste fall å vere relativt stabil. Skal me auke avsetjinga av norsk frukt i åra framover, må me ta marknadsandelar frå utanlandsk importert frukt. Då handlar det om fleire av dei nemnte tiltaka, og ikkje minst at konsumnæringa får til ei meir heilskapleg tilnærming og samarbeid. Utfordringa er å vinne kampen om forbrukarane, og eit godt lag har større sjansar for å vinne ein slik kamp enn berre gode enkeltspelarar. Det beste vil vere å få til ein betre balanse i produksjon og marknad slik at konsumfrukt og pressfrukt held høg kvalitet av dei rette sortane. Eit nasjonalt frukt- og sidersenter kan vera ein koplingsboks for ein slik prosess og ei slik satsing.

4.2 Mogleg pilot innan sider- og mostnæringa

Sider- og mostnæringa er framleis ein sær sng del av fruktnæringa. Talet på produsentar er kome opp i pluss/minus 65 og er framleis aukande. Fleire vil hevda at det eksisterer grader av det dei nemner er ein monokultur uttrykt som «Eg skal klare meg sjølv». Samstundes ser ein frå utsida at det er eit stort behov for auka kunnskap og kompetanse. Den administrative kapasiteten er låg. Dei som har drive ein del år er etter kvart blitt meir og meir profesjonelle produsentar. I den andre enden finn ein småskala-produsentane og dei som nett har starta, eller ynskjer å kome i gang. Dette fører til eit stort spenn i behov for forskning og rådgjeving.

Parallelt med dette har NIBIO vore tett på sidernæringa og har utvikla eit FoU-miljø for sensorisk smakspanel og kjemisk analyse. NIBIO investerer i laboratoriestyr for kvalitetstesting av sider og har tilsett eigen rådgjevar innan sider og siderproduksjon. Det finst og andre FoU-miljø som kan bidra med relevant forskning og som er viktig å få med i ei vidare satsing. Tabell 4-1 lister fleire moglege område for eit pilotprosjekt.

Tabell 4-1 Moglege arbeidspakkar innan sider og most

Moglege prosjektområde	Situasjon	Problem	Løysing
FoU og produktutvikling			
Auka behov for kvalitetstesting av sider	Siderprodusentane må auke krava til smak og kvalitet	I dag er både kapasitet og utstyr til testing lite tilfredsstillande	NIBIO treng å investere både i utstyr og i ressurspersonar
Nye produkt – krav for nye variantar av sider kan utviklast til å konkurrere med vin til ulike matretter?	Sider utgjør ein relativ liten del av drikke til mat. Dels grunna vane og dels grunna tilbodet og variantane av sider som er i marknaden.	Ein klarar ikkje å penetrere marknaden godt nok pga manglande produktspekter til matrettar	Forske på kva for sortar som kan konkurrere med vin til ulike rettar. Kombinere forskning på sortar, smakspanel etc innsikt om preferansar hjå forbrukarar, profesjonelle (kokkar, etc.)

Moglege prosjektområde	Situasjon	Problem	Løysing
Låg alkoholprosent – kva er avgjerande for å utvikle smakfulle sidrar med låg alkoholprosent?	Daglegvaremarknaden kan berre selje drikke med lågare volum-prosent enn 4,7 %. Utanlandske «sidrar» dominerer marknaden.	Sider produsert i Noreg har normalt sett for høg volum% for denne distribusjonskanalen og «mister» dermed ein viktig marknad.	Samarbeid med daglegvarekjedene, samt skaffe innsikt om preferansar hjå forbrukarane.
Marknadsutvikling			
Marknadsbalanse – Kva treng sidernæringa av framtidig tilgang av pressfrukt for å innfri volumveksten?	Tilgang til riktig volum og sortar er særskild viktig for sider/mostprodusentane. Tida frå planting til fyrste høsting er lang, og behov for føreseieleg volum og utval er viktig.	Det kan bli for lite frukt av sortar som eignar seg best til sider- og mostproduksjon	Kartlegge pressbehovet, pr sort frå produsentane. Avklare gap og vurdere tiltak for betre balanse.
Norwegian Cider – an export opportunity	Norsk sider gjer det imponerende bra i internasjonale konkurransar. Anerkjenninga for norsk sider er aukande.	Kvifor sel me i all hovudsak norsk sider berre i den norske marknaden?	Skaffe innsikt om ulike marknader, potensiale, inngangsbarrierar osv. Setje opp testar i dei mest interessante marknadene.
Kompetanseutvikling			
Program for sertifisering av profesjonelle innan sider	Det er lite som er tilrettelagt av kunnskap for produsentar	Kvaliteten på det som vert produsert av norsk sider er ikkje god nok	Utvikle eit program for sertifisering av produsentar, og mogelegvis eit kvalitetssystem
Sider inviterer til Siderskolen for Horeca	Restaurantar og spisestader har behov for meir kunnskap om sider	«Ukunne» gjer at sider ikkje vert vurdert til å vere eit alternativ til ulike måltid og matrettar	Utvikle tilbod til leiarar og tilsette i bransjen

4.3 Moglegheitsstudie kring eit formidlingscenter

Dette er skildra meir i detalj i kapittel 6. Alle selskap, organisasjonar og bransjar har ei historie å fortelje. Storytelling, eit meir moderne omgrep, får stadig større betydning i all kommunikasjon. Dei rasjonelle argumenta for å kjøpe norsk frukt og sider, som smak, pris, utval, friskheit, farge, berekraft, lokalmat, er særskilde viktige for å vinne kampen om forbrukarane. I tillegg treng næringa å skape positive assosiasjonar til norsk frukt og sider. Då er emosjonelle fortrinn heilt avgjerande der storytelling er eit viktig element.

I emosjonelle argument er historia om bakgrunnen og opphavet: Kor frukta kjem frå, den lokale kulturarven, korleis frukta vert dyrka, kven som dyrkar i form av menneska som i generasjonar har arbeidd med fast og flytande frukt osv. Dette vil i auka grad vera ei viktig og truverdig historie å fortelje, og det er viktig at næringa sjølv utviklar og formidlar historia til ålmenta og ulike målgrupper. Det ligg også eit berekraftperspektiv i storytellinga som vi har vore innom før i rapporten Eit formidlingscenter vil kunne vere eit kompetansesenter for å samle og legge til rette for historieforteljinga om norsk frukt og sider, for å tydeleggjere det særskilde med den. Sist men ikkje minst må me nemne born og ung. Dei er framtida både som konsumentar og som potensielle fruktdyrkarar og produsentar. Visningsprogram for heile spekteret av skuler inklusiv høgskular og universitet, vil også kunne vere sentralt i tilbodet.

5 Tilråding kring ein pilotfase

Prosjektet har skisserte 3 hovudretningar for ein mogleg pilot. Me meiner at det er største realisme å få til ein pilot kring sider og most, og vidare ein pilot i form av eit moglegheitsstudie kring eit formidlingssenter. Ein pilot må i tillegg ha med seg:

- Skildre formål, oppgåver og målgrupper for eit framtidig nasjonalt senter for sider, med utgangspunkt i konklusjonane frå forprosjekt og mellomfase.
- Organisering – greie ut modell for ressursar, organisering og forankring av eit framtidig senter i samarbeid me interessentane inkludert stat, fylkeskommunar og interessentane i verdikjeda konsumfrukt, sider, distributørar, FoU-miljø, kompetansenettverk osb.
- Finansiering – greie ut modell for korleis eit nasjonalt senter skal finansierast.

5.1 Pilot sider- og mostnæringa

NIBIO er hovudansvarleg for vidare pilotfase for sider og most, og søker vidare for eit 1-årig pilotprosjekt.

Sider og mostnæringa er framleis ein ung del av fruktnæringa, og representerer ei viktig moglegheit til auka verdiskaping. Dette er også i tråd med Grøntrappporten, «Grøntsektoren mot 2035», sine anbefalingar i kap.5 der dette prosjektet vil støtte opp om måla om styrka produsentøkonomi, rekruttering, auka kvalitet og marknadstilpassa produktutvikling. Prosjektet ser for seg fylgjande sentrale element i ein pilot:

- **Kompetanseutviklingsprosjekt** - NIBIO har allereie tilsett siderrådgjevar, Benedikt Grein. Det er 3 personar som jobbar tilnærma fulltid med sider (forskar, rettleiar, laborant). Det vil vera naturleg å gjennomføre ein pilot rundt oppbygging av ei siderrettleiingsteneste for siderprodusentar nasjonalt.
- **Siderrettleiing** - I dette bør det ligge midlar til nokre gratis etablerar timar/førsteråd (liknande modell som NLR har for gratis økologisk førsteråd). Prosjektet vil kartlegge behovet hos næringa og definere kva tilbod om førsteråd bør innehalde.
- **Kvalitet/analyse** - NIBIO har investert i laboratorium med mykje nytt utstyr, sensorisk lab og sensorisk siderpanel. Det bør også ligge ein pott for å finansiere noko analysetenester medan ein byggjer opp analysetilbodet ved sidersenteret ved NIBIO, slik at siderprodusentane ikkje må bere heile kostnaden ved oppbygging av tenesta. Vil sjå på tiltak for å halda kostnadar nede og tilby mest mogleg relevante og føreseielege tenester til produsentane (t.d. årshjul, innleveringsfristar, oppsamling av prøvar mm.).
- **Smakspanel** - Det er oppretta eit smakspanel ved NIBIO Ullensvang, som jobbar med sensorisk kvalitetssikring av norsk sider. Norsk sider har god kvalitet, og vinn internasjonale prisar. Det er viktig å oppretthalde denne kvaliteten. Finansiering av Smakspanelet har til nå i stor grad vært finansiert av forskjellige prosjekter, og det vil være viktig i et pilotprosjekt å sikre noko finansiering av dette arbeidet.
- **Kompetanse** - Det er ønska i prosjektet å knyte samarbeid med Fagskula Vestland avd. Ulvik (Hjeltnes), som er iferd med å byggja opp eit studietilbod på norsk pommelierutdanning og praktisk siderproduksjon. Her vil det vere naturleg at Benedikt Grein og NIBIO er ein ressurs inn i oppbygginga av dette fagtilbodet. I tillegg ynskjer me å invitere inn kompetansenettverket for lokalmat ved Eivind Vangdal til å ta del i arbeidet med sidersenteret. Målet er på sikt å sikra ei kontinuitet i denne viktige rolla.
- **Samarbeid om FoU** - Inviterer NOFIMA inn i sidersenteret – dei er allereie godt involvert i fleire av forskingsprosjekta som er etablert (sensorisk panel, siderspråk mm.)
- **Samarbeid parallele prosjekt** - Det innvilga IPN-prosjektet Siderspråk og produkt differensiering (2023 – 2027) er allereie i gang. Her har ein klart å samle aktørar nasjonalt frå forskning, siderprodusentar, HANEN; MatArena, restaurantar m.fl. frå heile landet, og lagt eit godt grunnlag for eit vidare samarbeid. (Hardanger Siderprodusentlag er prosjekteigar).
- **Nasjonalt Siderprodusentlag** er eit aktivt lag som består av ein representant frå kvar siderregion og HANEN er sekretariat. Det er eit viktig organ som sikrar nasjonalt samarbeid for sidernæringa.

- **Fagseminar og møteplassar** - Gå i lag med NLR for å få innpass på Norske Frukt dagar for også denne delen av verdikjeda. Det er viktig å få til ein arena der ein får diskutert dei felles problemstillingane som ei samla næring har.
- **Marknadsføring og tilrettelegging**
 - Vidareutvikle nettstaden siderlandet.no med formidling av sidersenteret og tilhøyrande tilbod og aktivitetar.
 - Nasjonalt siderprodusentlag inviterer alle som driv med forskning til årleg samling der dei får presentert sine funn som kan vere relevante for sidernæringa.
 - Invitere universitetsmiljø til masteroppgåve/bacheloroppgåve-skriving.

Ressursbruk og finansiering

Kostnadsramme 1000.000 kr over 1 år er sett opp under. Prosjektet søker om finansiering gjennom nasjonale tilretteleggingsmidlar i Landbruket (Landsbruksdirektoratet). Støttespelarane i prosjektet deltek med eigeninnsats.

Tabell 5-1 Budsjett Pilot sider- og mostnæringa

Kostnader	Sum
Førsterådsteneste/oppbygging rådgivingsteneste	250.000
Analyseteneste	150.000
Smakspanel	100.000
Formidling/fagsamling forskning nasjonalt	30.000
Reisebudsjett	20.000
Samarbeid Hjeltnes/Fagskulen Vestland	100.000
Administrasjon, anna arbeid	100.000
Eigenfinansiering NIBIO	250.000
Sum kostnader	1.000.000

5.2 Pilot formidlingscenter

Me søker vidare midlar til eit moglegheitsstudie for realisering av eit formidlingscenter av nasjonal verdi. Dette har solid støtte i næringa nasjonalt. Prosjektet startar med oppbygging av eit visningscenter regionalt, og med samarbeid nasjonalt gjennom eit nettverk av aktørar innanfor frukt- og sidernæringa. Utgangspunktet er å etablere eit informasjons- og formidlingscenter på Lofthus i tilknytning til det unike fagmiljøet og tradisjonane som finst innan fruktdyrking i Ullensvang og Hardanger. Prosjektgruppa har tørka støv av eit tidlegare prosjekt, «Norsk fruktsenter Hardanger» (frå år 2000), som ynskte å nytta den gamle prestegardsløa i Ullensvang til eit besøks- og visningscenter.

Det vert søkt finansiering for å gjennomføra moglegheitsstudie våren 2024, der planen er å nytta eit eksternt arkitektfirma til utarbeidinga av dette. Aktuelt selskap er Arkipartner som blant anna har erfaring med tilsvarande prosjekt med Hardanger Fartøyverncenter og prosjektet «Tett på», som vert realisert i Norheimsund. Prosjekt mål for moglegheitsstudiet er:

- 1) Utarbeida skildring av potensiale og prosess for å realisera og finansiera prosjektet.
- 2) Innhenta innspel frå ulike interessentar og andre i regionen om innhald, bruksområde og aktivitetar i eit visningscenter (Løa), frukthagane og prestegarden
- 3) Utarbeida illustrasjon og skisse for bygget
- 4) Innhente kostnadsoverslag på investering
- 5) Avgjere organisasjonsform for både investering og drift
- 6) Finansierte opp investeringa
- 7) Modell for finansiering av drift
- 8) Sikra lokal og regional forankring i Hardanger og Vestland

Andre sentrale aktører som støttar opp om prosjektet og er sentrale for vidare realisering er:

- **Fruktdyrkarane i Lofthus og Hardanger**, med **fruktlagera** som nav. Ullensvang fruktlager, Hardanger Fjordfrukt og fruktbønder støttar opp om prosjektet og vil bidra til realiseringa av dette.
- **Siderprodusentane og Hardanger Siderprodusentlag** er positive og bidrar aktivt til ei realisering av dette.
- **Hardanger og Voss museum** er tiltenkt ei sentral rolle innan formidling, forskning og innsamling av gjenstandar, og at museet skal arbeide for å sikra kjelder for å sikre kulturhistoria til fruktdyrkinga. Dei stiller seg positive till vidare arbeid for realisering av senteret.
- **NIBIO**, som er nasjonal aktør for forskning innan frukt og sider med etablerte forsøksfelt rundt prestegardsløa. Dei kjenner natur- og dyrkingshistoria, har kunnskap om historiske og nye sortar. Dei er viktig samarbeidspartnarar vidare.
- **Opplysningsvesenets fond (OVF)** – Midt i fruktlandskapet på Lofthus finn ein kulturminnemiljøet rundt prestegarden. OVF er eigar av prestegardsløa og andre freda og verneverdige bygg ved Ullensvang prestegard, og Ullensvang kommune er eigar av Borgstova som truleg er frå 1600-talet. I tillegg til bygningane ved Ullensvang prestegard kan den såkalla Olavshagen, 2,4 daa, nytast som eit forsøksfelt med gamle sortar som kan inngå i utprøving av nye sidersortar og fleire smaksvariantar. Opplysningsvesenets fond er positive til det vidare prosjektet.
- **Ullensvang kommune** er ein viktig støttespelar som har uttrykt at prosjektet må realiserast.
- **Andre aktører** som Vestland Bondelag og Bonde- og Småbrukarlaget støttar også opp om vidare prosjekt.

Ressursbruk og finansiering

Kostnadsramme pr år 750.000 kr for gjennomføring av eit moglegheitsstudie. Prosjektet søker om midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger, Sparebanken Vest, Ullensvang næringsfond og nasjonale tilretteleggingsmidlar i Landbruket (Landsbruksdirektoratet). Støttespelarane i prosjektet deltek med eigeninnsats.

Tabell 5-2 Budsjett Pilot formidlingssenter

Kostnader	Sum
Arkitektelskap – til utarbeiding av skisser	300.000
Prosjektleiing	150.000
Møter, reise, Workshop, innspel	150.000
Eigeninnsats HMV, Fruktlager og andre	150.000
Sum kostnader	750.000

6 DELRAPPORT: Formidlings- og besøkscenter

Prosjektleder: Randi Bårtvedt

Arbeidspakke 1: Kartlegginga andre institusjonar og miljø i Noreg som arbeider med formidling av frukt- og siderhistorie og fruktdyrkinga si kulturhistorie og kulturarv.

Arbeidspakke 2: Arrangera lærings- og arbeidstur til internasjonal region for nettverksbygging og innsikt.


Arbeidspakke 3: Tema formidling/museum og forslag til etablering av eit regionalt visningssenter.

Frå Norsk Fruktsenter Hardanger (2000) til Løa AS – eit informasjons- og formidlingssenter i Hardanger

Prosjektgruppa har tørka støv av eit tidlegare prosjekt, «Norsk fruktsenter Hardanger» (frå år 2000) som ynskte å nytta den gamle prestegardsløa i Ullensvang til «Norsk fruktsenter Hardanger». Me har omdøyppt prosjektet til «Løa AS».

Eit fysisk frukt- og sidersenter etablert i den gamle prestegardsløa ved Ullensvang prestegard kan byggja på mykje frå det «gamle» prosjektet. Det finst teikningar av eit visningssenter og påbygg utarbeidd av arkitekt Kjell Andresen som då (år 2000) var tilsett ved Kulturlandskapscenteret i Hordaland. Løa er i dag ikkje i bruk.

Figur 6-1: Framside for rapport om Forprosjekt Norsk Fruktsenter Hardanger frå år 2000



Norsk fruktsenter Hardanger var tenkt som eit «signalprosjekt» og eit «fyrstårn» i reiselivet der både fastbuande og tilreisande var målgruppe. Forsøkgarden var og sterkt med i prosjektet med fruktdyrking som forskning, næring og kulturarv. Det var tenkt at dåverande regionmuseum, Hardanger folkemuseum, skulle ha ein sentral rolle innan formidling, forskning og innsamling av gjenstandar og at museet skulle arbeida for å sikra kjelder for å sikra kulturhistoria til fruktdyrkinga. Museet var tenkt som ein samarbeidspart. Forskingsstasjonen i Ullensvang etablert i 1949 (no NIBIO Ullensvang) var sentral i prosjektet og skulle ha ansvar for natur- og dyrkingshistoria, mellom anna ivaretaking av og formidling av saga om gamle sortar, der «Olavshagen» etter pioneren og presten Olaf Olafson, skulle vera ein historisk hage driven i samarbeid med hagelagsmedlemer og andre frivillige.

Utgangspunktet for å etablere eit informasjons- og formidlingssenter på Lofthus er det unike fagmiljøet og tradisjonane som finst innan fruktdyrking i Ullensvang og Hardanger.

Prestegarden og prestegardsløa i Ullensvang – midt i utvalt kulturlandskap

Midt i fruktlandskapet på Lofthus finn ein kulturminnemiljøet rundt prestegarden. Opplysningsvesenets fond er eigar av prestegardsløa og andre freda og verneverdige bygg ved Ullensvang prestegard som truleg er frå 1600-talet. I tillegg til bygningane ved Ullensvang prestegard kan den såkalla Olavshagen, 2,4 daa, nyttast som eit forsøksfelt med gamle sortar som kan inngå i utprøving av nye sidersortar og fleire smaksvarianter.

6.1 Arbeidspakke 1: Kartlegging av aktører

Oppdraget i AP1 var å kartleggja andre institusjonar og miljø i Noreg som arbeider med formidling av frukt- og siderhistorie og fruktdyrkinga si kulturhistorie og kulturarv.

Kartlegginga viser at mykje er til stades av kompetanse og tradisjonar/norsk særpreg i dei største fruktdistrikta i Noreg; både innan produksjon, forskning, dokumentasjon, samlingar av gjenstandar og gamle fruktsortar. Eksisterande kompetanse er eit godt grunnlag for vidare forskning og utvikling.

Musea er kunnskaps- og samfunnsinstitusjonar og dei einaste som systematisk samlar gjenstandar knytt til ulike bransjar i historisk perspektiv og i samtid. Dei forskar på og dokumenterer tradisjonar og kulturhistorie i Noreg. Det eksisterer ikkje nasjonalt museum på tema landbruk – herunder fruktdyrkingshistorie.



Figur 6-2 Besøk hjå Ciderhuset i Balestrand 17. januar 2023

Lista under viser institusjonar og aktører som arbeider med frukt og norsk særpreg som tema. Lista er ikkje uttømande, men viser nokre av dei viktigaste:

- **Hardanger og Voss museum (HVM)** med avdelingane Hardanger folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen. HVM eit konsolidert museum med fast årleg driftstønad frå Kulturdepartementet, Klima og Miljødepartementet, Vestland fylkeskommune og kommunane i Hardanger- og Voss-regionen. HVM driv formidling, forskning og har gjenstandssamling og arkivmateriale knytt til frukthistorie i regionen. Museet har planta gamle fruktsortar på museumsområdet. Avd. Hardanger folkemuseum og Voss folkemuseum har arbeidd med fruktdyrkingshistorie og landbrukshistorie frå starten på musea frå tidleg 1900-tal. Dåverande Hordaland fylkeskommune gav Hardanger og Voss museum etter konsolidering frå 2006 i oppgåve å føra tema fruktdyrking og landbruk vidare etter samanslåinga.
- **Norsk Hagebruksmuseum i Grimstad**, avdeling i Agdermuseet.
- **Ryfylkemuseet med Vigagarden i Hjelmeland**. Museet forvaltar og dokumenterer gamle sortar.
- **Evju bygdetun i Gvarv, Telemark**: «Fruktbygda Gvarv» er ein etablert merkevare, og har i dag 500.000 eple-, plumme- og morelletre, samt fruktgardar med lange tradisjonar innan fruktdyrking tilbake til 1700-talet.
- **Musea i Sogn og Fjordane med Nordfjord folkemuseum og Sogn folkemuseum** (nav i kunnskapsnettverk kulturlandskap under Kulturdepartementet) med samlingar, gamle fruktsortar og kunnskap om kulturlandskap.
- **Universitetet i Bergen** med arboretet på Milde.

- **Naturhistorisk museum i Oslo** med botanisk hage, klimahuset, zoologiske og geologiske samlinger.
- **Vitensenter i Noreg med Vitenparken Campus Ås** (tidlegare Norsk landbruksmuseum) med aktivitetar og eksperiment. Vitenparken har skuletilbod som handlar om alt frå koding og programmering, til sensorikk og matlaging. Vitensentra har fast årleg stønad til drift frå Kunnskapsdepartementet. I eit vitensenter kan barn og vaksne utforska fenomen knyta til natur, miljø, helse og teknologi gjennom eigen aktivitet og i samarbeid med andre.
- **Economusea i Noreg** (no under nytt namn "Håndlaget») er levande handverksbedrifter og opplevingssenter. Her under Syse gard i Ulvik der alt er dyrka lokalt og foredla etter gamle tradisjonar, og Ciderhuset i Balestrand, er frå 2017 Economuseum, ei handverksprega verksemd som er vald ut på grunn av sitt engasjement for kvalitet og det ekte.
- **Utvalde kulturlandskap i landbruket (UKL)**, formidlar historie knytt til kulturlandskap, ei tverrfagleg felles satsing, under Landbruks – og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Frå 2023 er 51 område frå heile landet med. UKL Ullensvang (frå 2019) omfattar område på begge sider av Sør fjorden på temaet frukt. Tilskotsordning/søknadsordning vert administrert av kommunane der UKL ligg.
- **Norsk genressurscenter** er etablert av Landbruks- og matdepartementet som ei eining ved NIBIO. Senteret koordinerer kompetanse og aktivitetar innan bevaring og bruk av nasjonale genetiske ressursar og har til oppgåve å overvaka status og medverka til ei effektiv forvaltning av genressursar i husdyr, nytteplanter og skogstre. Arbeidet omfattar å vera ein aktiv koordinator og fagleg ressurs for det store nettverket av aktørar og samarbeidspartnarar i genressurssamarbeidet, både nasjonalt og internasjonalt. Det er etablert samarbeid med museum og andre institusjonar om forvaltning, dokumentasjon og formidling av gamle fruktsortar, mellom anna gjennom fast årleg samarbeid og rapportering frå museum.
- **Stiftinga Norsk fruktmuseum** (Leikanger i Sogn) vart oppretta i Leikanger på tidleg 2000-tal, men stiftinga vart nedlagt etter nokre år.
- **Nettverket Schübelers hagar**: eit nettverk for historiske hagar som har suksess med å få tilskot og kompetanse til å ivareta prestegardshagar og andre historiske hagar. Frivillige og venelag har restaurert og driftar vidare slike hagar. Døme: Ringebu prestegard som fekk Plantearv-prisen i 2019 for reetablering av hagen. Etter ei historisk gransking bygde dei oppatt hagen og laga ein fornyingsplan. Om lag 10 000 besøkjer Ringebu prestegard pr år.
- **Lier bygdetun** byrja med Pomologisk utval, og starta alt på 1990-talet innsamling av historiske fruktsortar frå eldre frukthagar i distriktet. I dag har bygdetunet ein av dei største og mest innhaldsrrike samlingar av eplesortar. I tillegg har rose- og staudegruppa ved Lier bygdetun kartlagt og samla inn eit stort antal gamle staudar, krydder- og medisinsplanter og dei ivareteke i dag rose-, staude- og kjøkkenhagane. Dei arrangerer Eplefestival ein søndag i året som er svært populær med om lag 4000 deltakarar.

Andre sentrale aktører i Hardanger

Fruktprodusentar og fruktlager: Lofthus og Hardanger er historiske episenteret for fruktdyrking i Noreg. Fleire dugande fruktbønder i Hardanger utvikla næringa til det den er i dag. Det er 3 fruktlager i Hardanger: Ullensvang fruktlager på Lofthus, Hardanger fjordfrukt på Utne og Nå fruktlager. Fruktlagera er eigd av bøndene. Hardanger står for om lag 40 % av norsk fruktproduksjon. Bøndene og fruktlagera jobbar tett opp mot NIBIO og forskning retta mot fruktproduksjon.

Hardanger siderprodusentlag: Er rettmessig brukar av den beskytta geografiske nemning «Sider frå Hardanger». Frå tidleg 2000-tal har den nye sidernæringa vekse fram, og har hatt ei rivande utvikling; det er no nærare 30 produsentar i Hardanger av totalt 50 i heile landet. 80 % av sal av norsk sider kjem frå Hardanger.

Prosjektet Siderklynga Hardanger er eit forpliktande samarbeid mellom bedrifter for å skapa ny næring og auke i verdiskapinga, samt leggje til rette for produktutvikling og innovasjon. Ambisjonen er at veksten i sidernæringa også skal gje verdiskaping for øvrige bransjar som reiseliv, råvareprodusentar, industri

og forskning. Siderklynga skal sikra kvalitet av norsk sider blant anna gjennom FoU. Prosjektet har bidratt til oppbygginga av reiselivsprodukt som «Sidersafari» og andre prosjekt som sidersenteret ved NIBIO – som no tilbyr sensorisk analyse gjennom sensorisk panel og kjemisk analyse via laben. Visjonen til siderprodusentane er at Hardanger står på same liste som Champagne og Piemonte, regionar kjende for sin vinproduksjon, og byr på opplevingar med kortreist mat og drikke av høg kvalitet, midt i det vakre kulturlandskapet med sine nye og eldre bygg. 24 gardar har i dag utsal, og dei fleste tilbyr også servering og kulturoppleving for grupper på garden.

Frukt- og siderruta i Ulvik er ei skilta løype i kulturlandskapet og den einaste frukt- og siderruta i Noreg. Her kan ein vandra gjennom frukthagar frå sentrum og fjorden i Ulvik og opp til gardane. Det er eit samarbeid mellom 3 fruktgardar der alle har gardsutsal med eigenproduserte varer og tilbyr kulturformidling og opplevingar.

Utvalt kulturlandskap Ullensvang

Kulturlandskapet i gamle Ullensvang herad har status som utvalt kulturlandskap. Kulturminnemiljøet rundt Prestegarden på Lofthus ligg midt i frukthagane som er del av utvalt kulturlandskap Ullensvang, der epledyrking oppstod med cisterciensarmunkar frå Lyse kloster. Munkane etablerte eit hospits og kapell i Opedal på 1200-talet og dreiv fruktdyrking der. Me finn «Munketreppene» av stein over Lofthus-bygda. Ullensvang kyrkje er bygd ca år 1250. Seinare vart prestar ved Ullensvang prestegard og andre embetsmenn sentrale i å driva denne næringa vidare. Det er mange gamle vegar og stiar på Lofthus der ein kan spasera i fred og ro. Naturen i Ullensvang og Hardanger har inspirert både norske og utanlandske kunstnarar. Her henta Tidemand og Gude inspirasjon til «Brudeferden i Hardanger» og fleire andre kjende måleri. Edvard Grieg var ofte på Lofthus om sommaren og hadde si eiga komponisthytte som i dag står i hagen til Hotel Ullensvang.



Figur 6-3 Glad fruktprodusent i innhaustinga.
Foto: Elisabeth Emmerhoff



Figur 6-4 Opedal på Lofthus, del av utvalt kulturlandskap. Foto: Elisabeth Emmerhoff

NIBIO Ullensvang

NIBIO har det viktigaste og største FoU-miljøet innan frukt- og siderforsking nasjonalt, med NIBIO Ullensvang som hovudstasjon for frukt og sider. Mesteparten av forskinga på frukt og sider i NIBIO er anvendt og styrt av næringa (IPN); dei er praktisk retta og byggjer gjerne på tidlegare grunnforskning. Pomologi, sortsprøving, sjukdomar, næringsforsyning, fruktkvalitet før og etter lagring, skade- og nyttedyr, pollinering, genetikk knytt til farskap og sortar, enkel genetikk analyse av skade- og nyttedyr, siderkvalitet knytt til sortar, gjæringsopp og kvalitet er dei viktigaste fagområda. NIBIO Ullensvang har forskingsfelt i frukthagane, og arbeider tett med fruktdyrkarane i regionen. Det arbeider seks forskarar og sju teknikarar/ingeniørar ved stasjonen. Norsk landbruksrådgiving (NLR) og Hardanger Siderproducentlag (Siderklynga) er også samlokalisert ved NIBIO Ullensvang. Dei har bygd seg opp til å verta eit sidersenter – med kjemisk analyse og sensorisk smakspanel for sider, og det pågår fleire forskingsprosjekt på smak, reiseliv og samarbeid. NIBIO Ullensvang driv med mykje interessant innan fruktforskning som og har interesse for eit breiare publikum og brukarar i eit besøksenter – frå ålmenta til fagfolk.

Utdanning

I Ulvik ligg Hjeltnes gartnarskule som i dag er vidaregåande skule og fagskuleavdeling. Skulen tilbyr studiar for vaksne. Her finn ein også Fagskulen Vestland, avdeling Ulvik som har etablert fleire studiar innan lokalmat og -drikke, og fleire kjem til. Vinter 2024 startar t.d. første kull på studiet for Pommologi.

Hardanger folkehøgskule på Lofthus har friluftslinje og elevar frå heile landet.

Det er vidaregåande skular i Odda, Voss og Kvam.



Figur 6-5 Gardsturisme, sidersmaking og formidling av kultur, tradisjon og produkt.
Foto: Visit Hardangerfjord

Reiselivsaktører

Her er eit stort besøksgrunnlag i området med hovudvekt på besøkjande turistar om sommaren. Menon-rapporten (omtalt under) viser at det ofte er turistar som utgjer størsteparten av betalande gjester ved autoriserte natursenter. Samarbeid med reiselivet er viktig for å nå turistane, og ein må ha attraksjonar for tilreisande til Hardanger.

Trafikkgrunnlaget er til stades for å kunna gje informasjon og aktivitetar i eit besøkssenter for tilreisande og fastbuande. Hardanger og Ullensvang er eit reisemål med Nasjonal Turistveg langs rv 13 «rett utanfor døra». Her passerer stadig fleire bilar. Tal for sommaren 2023 er ca 2500 bilar pr dag. Lofthus er eit trafikkknutepunkt mellom aust og vest og over to fjellovergangar frå Oslo og med eit rutenett ut til kysten og inn i landet

Reiselivet har lange tradisjonar i Hardanger med fjell, foss, fjord og fonn og fleire aktivitetar og fleire hotell som er drivne i fleire generasjonar. Utne Hotel har vore i kontinuerleg drift frå 1722 og Hotel Ullensvang frå 1842. Her er små og store overnattingsbedrifter, transportørar, bygdeturismeaktørar, restaurantar og aktivitetsselskap. Turistattraksjonar som Dronningstien og Trolltunga (ca 90 000 besøkjande pr år) startar for mange på Lofthus. Det er fjordcruise frå ytst til inst i Hardangerfjorden. Lofthus- og Opedalsgrenda viser moderne fruktdyrking ute i landskapet og 6 siderprodusentar driv formidling og har sal frå garden sin. Det er etablert fruktsti på Lofthus. Hardanger folkemuseum med Agatunet ligg i nærleiken. Det same gjer Kraftmuseet (30 000 besøkjande), Hardanger feriepark - «Mikkelparken» med barn og unge og familiar som hovudmålgruppe (60 000 besøkjande), Norsk natursenter Eidfjord (60 000 besøkjande) og Baroniet i Rosendal (60 000 besøkjande).

Ullensvang og Hardanger har fleire festvalar, blant anna Morellfestivalen i juli, Hardanger musikkfest i august og Litteratursymposiet i oktober, som har lange tradisjonar, samt den nyoppstarta Hardanger Internasjonale Siderfest i mai.

6.2 Arbeidspakke 2: Internasjonal arbeidstur

I AP 2 var oppgåva å gjennomføra ein internasjonal arbeidstur til eit område der ein lenge har satsa på frukt- og siderproduksjon og formidlar kunnskap om dette.

Siderklynga Hardanger har etablert kontaktar med siderprodusentar og organisasjonar i utlandet gjennom mange år. Eit av samarbeida om formidling er presentert på nett som ciderland.org. Siderklynga arrangerer årleg ein internasjonal siderkonferanse i Hardanger også som har skapt kontaktar.

Hereford i England vart valt ut for eit besøk. Der kunne vi møte siderprodusentar, ein vidaregåande skule med satsing på reiseliv som linjeval, The Cider Museum og besøkja siderbedrifter, samt delta på den internasjonale siderfestivalen i Hereford. Turen vart arranger i oktober 2022 med ei gruppe deltakarar frå heile Hardanger og ulike delar av næringslivet: Frukt- og siderprodusentar, siderklynga, NIBIO, Hardanger og Voss Museum, Hardangerrådet, Kvam Vidaregåande skule, Vestland fylkeskommune, Kvam herad og prosjektleiar for nasjonalt frukt- og sidersenter.

Turen vart arrangert i samarbeid med Hardangerrådet med økonomisk støtte frå Vestland fylkeskommune og med EØS-midlar (Erasmus-programmet). Turen var svært vellukka og førde til ny kunnskap om siderproduksjon, verdiskaping og formidling/undervisning. Det førde til nettverksbygging med dei vi besøkte og internt i gruppa vår.

6.3 Arbeidspakke 3: Formidling/museum og eit regionalt visningscenter

I perioden november 2022 – oktober 2023 har oppdraget relatert til formidling vore

- a) Etablere kontaktar og samarbeida med regionale interessentar i eit visningscenter. Delta i arbeidsgruppa for prosjektet «Nasjonalt frukt- og sidersenter, her under temasamlingar, statusmøte og deltaking på sentrale møtestadar.
- b) Vurdera utforming, finansiering og drift av eit regionalt visningscenter.
- c) Vegne vidare for regionalt visningscenter.

6.3.1 Etablere kontaktar og samarbeida med regionale interessentar i eit visningscenter – nasjonalt vs regionalt

Målet var å etablere kontaktar og samarbeid mellom regionar og interessentar gjennom møte og djupneintervju. Ein har nytta arbeidsgruppa sin felles presentasjon som utgangspunkt for samtalar og intervju. Me har samla inn kunnskap om tidlegare arbeid, knyta kontaktar og fått god kjennskap om kva som skjer i ulike regionar vedkomande satsing på frukt- og sidernæringa.

Djupneintervju

Det er gjennomført 14 djupneintervju med interessentar som Norsk kulturarv, Opplysningsvesenets fond, Evju bygdetun, Nyhuus Sidergard og Telefrukt i Gvarv, Vestland fylkeskommune (kulturavdelinga), Riksantikvaren (kulturminne og verdiskaping), Det kongelige selskap for Norges Vel, Musea i Sogn og fjordane/Sogn folkemuseum, tilsett ved Njøs frukt- og bærcenter, representant for arbeidsgruppa tidlegare prosjekt Norsk fruktsenter Hardanger, Vitenparken Campus Ås og veteranar innan fruktforskning på Ås.

Synfaring og møte med sentrale eigarar og interessentar

Opplysningsvesenets fond er eigar av presteløa og andre freda og verneverdige bygg ved Ullensvang Prestegard. Dei var allereie i 2021 på synfaring på Ullensvang prestegard og til NIBIO Ullensvang og fekk presentasjon av våre idear om eit besøkscenter og ny bruk av gamle bygg. I 2023 inviterte vi Riksantikvaren, Opplysningsvesenets Fond, Ullensvang kommune, Ullensvang sokneråd, Hardanger og Voss museum og representantar til synfaring og drøfting om eit mogeleg besøkscenter i presteløa. Vestland fylkeskommune si kulturavdeling er kontakta om slik bruk i framtida og dei er involvert i

forprosjektet i regi av Ullensvang sokneråd om gjenbruk av Borgstova. Ideen om eit besøkssenter er og presentert for stortingspolitikarar og for politisk leiing i Landbruksdepartementet ifm. konferansar undervegs. I 2023 har også leiar i nettverket Schübelers hagar, nettverk for historiske hagar, vore på synfaring.

Innsikt nasjonalt aspekt

Det finst ikkje eit nasjonalt besøkssenter på frukt- og sider i Noreg som arbeider systematisk med temaet frukt og sider og sektoren si kulturhistorie eller formidlar forskning til allmenta gjennom utstillingar og aktivitetar.

Start regionalt: Fleire meiner at det ville vera vanskeleg å få til eitt nasjonalt senter, men det nasjonale kan me oppnå ved at interessentar i dei andre fruktdistrikta bidrar til formidling og utvikling kvar i sin region. Gjennom eit samspel får ein til det nasjonale perspektivet. Eit klyngesamarbeid er då det naturlege. Piloten eller hovudprosjektet kan byrja som eit styrka klyngesamarbeid i Ulvik, Ullensvang, Kvam og Voss. Det er og «nedslagsfeltet» til Hardanger og Voss museum som kan bidra med formidling og kulturhistorie. Det finst eit stort kjeldemateriale i inn- og utland om eple-, frukt- og siderhistorie. For innbyggjarane i Hardanger vil dette vera eit identitetsbyggjande tiltak. Det vil leggja til rette for besøk og opna dører for arrangement og aktivitetar i samarbeid med skular, andre institusjonar og bedrifter i regionen.

Klare for vidare samarbeid: Alle informantar var opne for vidare samarbeid. I Sogn og Telemark uttrykte dei støtte til å starta med eit fysisk regionalt «Frukt- og sidersenter» i tilknytning til NIBIO Ullensvang, saman med Hardanger og Voss museum, frukt- og sidernæringa i Hardanger og det offentlege ved fylkeskommune og kommunane i Hardanger.

Frå regionalt til nasjonalt autorisert besøkssenter: Tida vil vise korleis ein kan gå vidare med eit nasjonalt senter. Her kan ein læra av td. Hardangervidda Natursenter i Eidfjord som starta lokalt og no har status som autorisert nasjonalparksenter med grunnstønad frå staten. Namnet er i tråd med dette endra til Norsk natursenter.

Rapport: «Autoriserte besøkssentre i Norge» - Menon Economics – rapport 65/2021 gjev eit bilete av drifta til autoriserte besøkssentre «Intervjuer med og andre tilbakemeldingar fra besøkssentrene tilsier at for å sikre drift som ivaretar autorisasjonskravene og gir attraktive besøkssentre, er det investerings- og driftsbehov på hhv. 2 og 3,5 mill. kr i året per besøkssenter.» Rapporten viser også den store samfunnsnytte frå senter med grunnstønad frå staten. Det kan vera eit nyttig faktagrunnlag om ein vel å gå vidare med eit fysisk besøkssenter for frukt- og sider i Hardanger. Det er 32 autoriserte besøkssenter i Noreg i 2020:

«Besøkssentrene formidler kunnskap om natur- og kulturgoder, og tilgjengeliggjør disse godene for brukerne, både for norske og utenlandske tilreisende, ikke minst for lokalbefolkningen, og for andre som ellers ikke ville hatt mulighet til å ta del i godet. Kunnskapsformidling om naturen og dens sammenhenger til voksne og barn kan bidra til økt innsikt, respekt, engasjement og omsorg for natur- og kulturmiljøet. Dette er kjernen i besøkssentrenes virksomhet og en viktig del av deres samfunnsnytte. Sentrene bidrar også til å øke tilgjengeligheten til naturen og til å øke verdiskapingen i tilknyttet næringsliv, særlig reiselivet».



Figur 6-6 Presentasjon av eplesortar under messe/festival, Hereford, England.

Innsikt om innhald i eit senter

Formidling av kulturhistoria til eple- og siderproduksjon: The Cider Museum i Hereford presenterer ei interessant og engasjerande nettutstilling og serie i fleire «episodar» kalla «Apple and People». Fleire me har prata med hevdar at Kulturhistoria til eple- og siderproduksjon er underkommunisert. Her finst eit rikt kjeldemateriale og det hastar med å samla inn meir intervjumateriale og foto/arkiv/gjenstandar systematisk og historie til forskning og formidling. Dette handlar om å arbeida systematisk over tid med tradisjonsmateriale.

Siderproduksjon kan visast gjennom film og bilete frå historia og meir moderne tid. Grupper kan koma til eit senter og få prøva seg på pressing av frukt i sesong og få laga sin eigen most. Det kan lagast fine modellar i tre som viser pressing av eple før i tida. Ein kan visa museale gjenstandar av produksjon.

Konservering av frukt er òg eit tema – oppskrifter og smaksprøver. Alle har noko kunnskap om frukt og eple– her kan dei få vita meir. Smaken av ulike eplesortar, kjenna dei igjen og beskriva korleis dei smaker er og noko vi kan gjera i eit frukt- og sidersenter. I eit senter kan ein gje supplerande kunnskap til det ein opplever ute i frukthagane og fortelja om mange sortar som finst i dag eller var brukt før i tida. Det er artig å læra meir om smak og frukt.

Formidling av forskning, frukt- og siderproduksjon som skjer i dag: Kunnskapen og kjeldematerialet kan og nyttast i samarbeid over landegrensar; i forskingsprosjekt om relasjonar til fruktdyrking i andre land; om forskjellar og det som er likt. I dag tek vår region del i eit EØS-prosjekt om produktutvikling og utvikling av regionar gjennom prosjekt som «Uncorking rural heritage» der NIBIO Ullensvang, Siderklynga og Hardangerrådet er partnar frå Noreg i eit forskingsprosjekt saman med Slovenia, Kroatia, Makedonia og andre vindistrikt. Det handlar om kulturarv («heritage») og produksjon i landbruksområde. Kva som skjer internasjonalt er særskilt aktuelt å presentera også for allmenta eller folk flest i eit fysisk besøksenter og gjennom anna formidling. Det er aktuelt å delta i nye EØS-prosjekt med fruktnæringa og ulike geografiske regionar i Europa som partnarar.

Klyngesamarbeid for formidling: Informantane foreslo å styrka tema frukt og sider innan det ein jobbar med og at det kunne skje i eksisterande kunnskapsnettverk, som for eksempel saman med andre vitensenter og andre museum i Noreg.

Møtestad for fagfolk innan frukt- og sidernæringa. Senteret kan skapa ein naturleg møtestad for fagfolk innan frukt- og sidernæringa, der ein får samla informasjon om og får eit blick inn i frukt, bær- og siderproduksjon. Fruktdyrkinga har gått gjennom ei rivande utvikling og i dag er Hardanger eit av dei største fruktdistrikta i landet. Hovudsetet for norsk fruktforskning er NIBIO Ullensvang. Møteplassar er også viktig for å skapa diskusjonar og innovasjon, og for å koma innspel frå næringa inn til forskingsmiljøet.

Informantane våre uttrykker at det vil vera av god nytteverdi med meir forskning og formidling – både gjennom klyngesamarbeid og eit større fellesskap, samt ved å formidla til fagfolk og allmenta eller folk flest i eit besøkscenter/formidlingscenter. Det kan utviklast samarbeidande regionale senter fleire stadar i landet. Fleire informantar sa at dei ikkje hadde planar om dette i deira region eller at dei hadde prøvd på det tidlegare.



Figur 6-7 Medlemsmøte i Hardanger Siderprodusentlag mars 23 - med presentasjon av forskingsresultat, og smaking av sider produsert ifm. Forskningsprosjektet «Historiske sorter» ved NIBIO.

Formidling til born og unge: Nasjonalt frukt- og sidersenter Hardanger kan vera eit besøksmål der ein tilbyr eit undervisningsopplegg. Tal må oppdaterast i eit moglegheitsstudie. Skuleklassar kan koma gjennom skuleåret. Det er leirskuledrift i Hardanger som viser at her kjem klassar på opphald frå ulike stader av landet. Frukt er eit aktuelt tema som barn og unge og folk flest vil ha interesse av å læra om og oppleve ved eit besøk i senteret og/eller ved å nytta ein nettstad der kultur- og naturhistorie knytt til fruktdyrking langt mot nord i Europa blir presentert av besøkscenteret og gjort lett tilgjengeleg for undervisning og oppleving/læring. Å tilby aktivitetar gjennom organisering som vitensenter er mogleg. Her kan det verta utprøving av smak og bruk av vitenpedagogikk, gjerne i eit samarbeid med Vitenparken Ås og «Vil vite meir» i Sogndal. Skulefrukt frå eige distrikt er og eit viktig tiltak å få til med offentleg innkjøp av frukt og most frå regionen.

Sal/butikk: Fruktlagera i regionen er viktige samarbeidspartar for å få til formidling og sal av frukt. Deira historie kan forteljast. I bygget må og vera ein suvenirbutikk med minneting ein kan kjøpa, for eksempel fine plakatar, teikningar og bilete av frukt og sjølvsgatt frukt av ulikt slag i sesongen.

Besøkscenteret skal vera for og vera ein samarbeidspart for frukt- og sidergardar og for produsentar av frukttre. Her kan ein i samarbeid med Vitenparken på Ås og andre laga vandrestillingar på nett og for visning i kvar region – ein felles produksjon som kan supplerast med opplysningar og illustrasjonar frå eigen region. Ute kan ein ha «leikebutikk» og spørsmål/svar leikar om frukt og most og andre leikeaktivitetar knytt til frukt.

Felles kulturarrangement i nye nettverk: Opplysningsvesenets fond, Norsk kulturarv og Schübelers hagar kom med konkrete forslag om vidare samarbeid med prosjekt «Nasjonalt frukt- og sidersenter» for å få til ulike samarbeid om frukt dyrking og sider og gjerne felles kulturarrangement i nye nettverk. Det kom forslag om korleis prosjektet kunne bidra til og bli med i rehabilitering og forvaltning av historiske hagar saman med frivillige. Ein studietur til for eksempel Ringebu prestegard, Lier Bygdetun eller Brennerimuseet på Atlungstad (teknisk/industrielt kulturminne med stønad frå Riksantikvaren) vil vera aktuelt for å sjå korleis dei jobbar der og er finansiert.

Utstillingsprogram, innhald i bygget og formidlingstiltak

I eit byggeprosjekt må det setjast av midlar til ei utstilling og ein film. Tema kan vera:

- Den historiske utviklinga av hagebruksnæringa og frukt dyrking i Noreg og internasjonalt.
- Historie, mytar, og sitat om frukt og folk gjennom tidene (jfr nettutstilling «Apple and People» i fleire episodar frå The Cider Museum i Hereford).
- Naturgrunnlaget for det nordlegaste frukt dyrkingsområdet i verda (terroir) og klimaspørsmål.
- Frukt dyrkinga og det levande kulturlandskapet – fortid, notid, framtid.
- Frukt- og bærtypar tilpassa norske forhold. Historisk perspektiv med gamle sortar og fokus på ny forskning formidlar frå NIBIO sine prosjekt.
- Sider- og mostproduksjon. Smakslaboratorium og sensorisk panel vist for folk flest og barn/unge.
- Presentasjon av andre fruktdistrikt i Norge – historie og dagens produksjon og formidling.
- Smaken av eple og anna frukt/bær.



Figur 6-8 Frå Hardanger Musikkfest 2023: Grøde. Foto: E. Emmerhoff

Tema kan vera del av ein film og presentasjonar på nett og i sosiale media tilgjengeleg for alle. Her er ein naturleg samarbeidspart også Opplysningskontoret for frukt og grønt med fleire som formidlar informasjon om frukt. Her kan vera undervisning og oppgåveløysing inne i bygget som er ope året rundt og meir enn eit visningsenter. Her kan ein gje oversikt før ein går ut i frukthagane eller opp på fjellet – eller få lyst til å besøkje andre stader i ei siderrute i Ulvik og fruktgardar i andre fruktdistrikt i landet. Senteret kan vera med i ei kunnskapsklynge om frukt/bær og slik kan ein saman bidra til noko spanande og til «5 om dagen». Senteret kan bidra til meir bruk av kortreist og norsk frukt som Grøntrapporten 2035 frå regjeringa legg opp til. Det vert historieforteljing inne- og ute i frukthagane.

Innsikt Finansiering:

Statleg grunnstønad: Grunnstønad via departement statsbudsjettet er vanleg innanfor nasjonale senter. Departementa har sektoransvar for sine tema innan kulturarv. **Dei fleste senter er regionale institusjonar, men er med i nasjonale nettverk** med sine vedtekter og formål der eit av sentra er nav eller leiande part i kunnskapsnettverket. For museum med statsstønad er det vilkår at eininga som mottok støtta deltek i eitt av kunnskapsnettverka på ulike tema innunder det aktuelle departementet, og må levera på oppdrag og tema. Til dømes er vitensenter godkjende av Kunnskapsdepartementet og er med i deira nasjonale nettverk for vitensenter. Kulturdepartementet har kulturlandskapsnettverk der Musea i Sogn og Fjordane i fleire år har vore nav for dei andre og driv nettverket. Autoriserte nasjonalparksenter som Norsk natursenter i Eidfjord mottok statsstønad og er i eit slikt nettverk under Miljø- og klimadepartementet. Norsk laksesenter i Lærdal er i eit nettverk med andre laksesenter i landet som mottar statsstøtte frå Klima- og miljødepartementet.

Det kan tenkjast ei liknande ordning for drifta av eit Nasjonalt frukt- og sidersenter i Hardanger med grunnstønad frå

- Klima- og miljødepartementet eller Landbruks- og matdepartementet (Utvalde kulturlandskap som tema). Det finst ikkje noko besøkssenter knytt til utvalde kulturlandskap i Noreg. Her kan det vera ei moglegheit til å prøva ut ein pilot i Hardanger og ideen om eit slikt senter med statleg grunnstønad. **Ein treng også tilsvarande støtte frå regionen ved kommune og fylkeskommune i eit spleiselag.**
- Kulturdepartementet kan bidra med midlar til formidling og samarbeid med museet. Det kan ein få til i eit samarbeid der museet søker om ei utviding av sitt noverande driftstilskot til ei ny stilling over statsbudsjettet innan fruktdyrking, forskning og formidling og klyngesamarbeid regionalt.

Anna stønad

Me fekk gode innspel om aktuelle ordningar som til dømes «**Kulturminne og verdiskaping**» (**Riksantikvaren**) der ein kan søkja om midlar frå eksisterande program og tilskotsordningar. Her kan ein til dømes søkje på ulike tema fordelt på kvart fruktdistrikt der målet f.eks. er å laga ei felles frukt- og siderrute nasjonalt. Me kan byrja med å laga ei slik felles rute og ein mal i Telemark, Rogaland og Vestland. Ei slik rute utover eigen region fremjar meir besøk og samhandling og marknadsføring av kvarandre.



Figur 6-9 Hardangereple i gamalt trau.
Foto: Elisabeth Emmerhoff

Stønad til ivaretaking av prestegardshagar og andre historiske hagar: Nettverket Schübelers hagar der Hardanger og Voss museum er med, har suksess med å få tilskot og kompetanse til å ivareta prestegardshagar og andre historiske hagar. Dei er opne for publikum ved innsats frå frivillige og medlemer. Frivillige og venelag har restaurert fleire prestegardar og driv slike hagar som er godt besøkte. Ivaretaking av historiske hagar kan vera aktuelle oppgåver og samarbeid mellom fleire i Olavshagen og ved Agatunet i Hardanger.

6.3.2 Vurdering av utforming, finansiering og drift av eit regionalt visningscenter

Det er nasjonal tilslutning for å realisera eit regionalt senter i Hardanger som arbeider nasjonalt gjennom klyngesamarbeid. Senteret skal gjennom eit fysisk senter formidla forskning på frukt og sider, norsk særpreg og tradisjon, kultur og natur knytt til norsk frukt. I tillegg skal senteret formidla kunnskap om dyrking av norsk frukt- og grønt og vidareforedling tilpassa ulike aldersgruppe digitalt.

Arbeidsgruppa ynskjer å gå vidare med eit moglegheitsstudie for realisering av eit besøkscenter med utgangspunkt i prestegardsløa på Lofthus, omkransa av frukthagar og det vakre kulturlandskapet i Hardanger. Løa er næraste nabo til NIBIO, Siderklynga, fruktgardane, prestegarden og ligg i eit populært turistmål. Forankring og ideutvikling i regionen er viktig for å lukkast. Då må ein involvera ulike grupper og få innspel.

Investerings- og driftsmidlar til eit besøkscenter

Utbyggingskostnader:

Dei største kostnadane i samband med etablering av eit fysisk Frukt- og sidersenter i Hardanger vert utgiftene til ombygging av driftsbygningen, tilrettelegging av parkeringsplassen og innhaldet i bygget. Vidare kjem kostnadar med tilrettelegging av demonstrasjons- og skulehage i «Olavshagen». Eit byggkonsulentfirma må gje overslag på byggekostnad, men først må eit moglegheitsstudie koma fram til korleis bygget skal vera. Det må lagast eit romprogram og ei skisse for korleis eit senter kan vera. Her må ein leggja stor vekt på omgjevnadane, materialbruk og at prestegardsløa er eit verneverdig bygg i eit heilskapleg kulturminnemiljø nær kyrkja og del av Ullensvang prestegard. Teikningar frå det gamle prosjektet finst, og bør vurderast med eit nytt romprogram.

Investeringsmidlar

Eit regionalt besøkscenter treng investeringsmidlar. Kommunen vil vera sentral. Det kan og søkjast midlar hjå andre interessentar som bankstiftingar og Norsk kulturråd mfl. Eit frukt- og sidersenter i Hardanger bør vera fullfinansiert i form av tilskot frå ulike offentlege og private kjelder og utan opptak av lån, før senteret kjem i vanleg drift.

Vertskommunen Ullensvang bør ha stor interesse av å få gjenbruk i det historiske bygget som ligg nær NIBIO og kyrkja. Vonleg er det og tilfelle for NIBIO, grunneigar Opplysningsvesenets fond, Siderklynga og næringa elles. Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren, samt Klima- og miljødepartementet og Landbruksdepartementet kan søkjast som sektordepartement. Dei sistnemnde kan søkjast om både driftsmidlar og investeringsmidlar.

Driftsmidlar

Eit utgangspunkt for kva som trengst til årleg drift med 2 årsverk, er skildra i Menon sin rapport om statsautoriserte natur- og besøkscenter. Det bør vera ein statleg finansiert grunnstønad i botnen på om lag 3 millionar kroner – eit tilskot og ordning som bør vera føreseieleg til drift av senteret.

Billettinntekter bør tilsvara ein inngangsbillett til museum eller ein kinobillett. Det kan kalkulerast med 15.000 besøkjande i året som ein start, her av inntil 10.000 betalande gjester a kr 100.

Inntekter elles kan vera utleige av gjestekontor med NIBIO og andre som leigetakarar for å skapa eit fagmiljø på huset. Det skal og seljast suvenirar og frukt/most/sider i butikken. Kafeen kan drivast av andre med kjøp av catering/bakst frå andre i området og elles tilby enkel servering i sommarsesongen. Butikken kan vera marknadsstad for fruktprodusentar og most- og siderprodusentar i tillegg til besøksgardar i området.

Ringverknadane av eit besøkscenter vert at folk som gjestar Hardanger får ny kunnskap om frukt- og siderproduksjon og kulturarven her. Det kan føra til at folk vert lenger i regionen og legg at meir pengar til billett og til minneting i senteret og i området. Eit senter kan også fylla funksjon som turistinformasjon.

6.3.3 Organisering og arbeidet framover mot eit konkret prosjekt i 2024

Arbeidsgruppa anbefaler å gjennomføra eit moglegheitsstudie våren 2024. Dette må til for å utgreia nærare og få innspel til innhald og etablering frå fleire partar og frå fastbuande. Det vi og gje ein eigarskap til prosjektet i regionen.

Dei ulike interessentane i regionen må vera representerte og få koma med sine innspel til kva senteret kan vera og for kven det skal vera for. Særskilt viktig er det å få til ei lokal og regional forankring i Hardanger og i Vestland.

Moglegheitsstudiet bør gjerast av eit arkitektfirma som kan visa til liknande oppdrag dei har utført. Dei må skildra potensialet og prosess for å få besøksenteret realisert og finansiert. Arkitektfirma kan illustrera med teikningar og gode foto av senteret. Dei kan og finna fram til gode illustrasjonsfoto frå frukt- og siderproduksjon, kulturhistorie og landskap.

Hardanger og Voss museum har stadfesta at dei kan bidra med formidlingsarbeid framover etter nærare avtale slik dei har bidradd med ressurs i forprosjektet og i mellomfasen. NIBIO har i denne fasen bidratt med timar som ein vonar kan halda fram i eit moglegheitsstudie og seinare dersom besøksenteret vert realisert.

Den mest aktuelle selskapsforma for eit Frukt- og sidersenter i Hardanger vil truleg vera ei stifting med ideelt føremål. Målet er at drifta av senteret skal gå i balanse. Eventuelt overskot må gå tilbake til senteret med tanke på forbetring, utviding og nye aktivitetar. Ei stifting vil kunna støtta opp ynskje om ein brei offentleg og privat medverknad. Ei brei samansetjing av styret vil og sikra at senteret utviklar seg i tråd med målsetjingane. Dette er og eit spørsmål som kan drøftast i eit moglegheitsstudie.

Etter moglegheitsstudiet bør det oppnemnast eit interimsstyre som arbeider fram mot ei realisering av eit frukt- og sidersenter i Hardanger.

Vi meiner det er grunnlag for å ta forprosjektet vidare til eit hovudprosjekt der det må arbeidast meir med å:

- få innspel frå FoU-miljø, næringa og marknadsaktørar for kva rolle eit slikt senter kan ta og kva tomrom det skal fylle. Gjerne basert på tankar som er skissert i forprosjektet. Det vil vere heilt avgjerande at desse aktørane og næringa ser nytten av eit nasjonalt senter.
- klargjere mål, visjon og verdiforslag til senteret
- gå meir i detalj og meir konkret inn på organisering, mellom anna kring arbeidsområde, selskapsform og samarbeidsmodellar. Det siste er særskilt viktig for at senteret skal ha ei legitimitet og vere sterkt forankra innan næringa.
- klarleggje moglege finansieringskjelder og avklare interessa for å bidra med økonomiske og menneskelege ressursar til etableringa og drifta av eit nasjonalt senter frå slike kjelder.

Eit hovudprosjekt må ha ein prosjektleiar som for det første har god kjennskap til næringa, og som i tillegg har kompetanse innan samarbeid, næringsutvikling og kommunikasjon. Dessutan må hovudprosjektet ha ei ressursgruppe som kan støtte prosjektleiaren med erfaring, nettverk og kunnskap.

7 Vedlegg – Produktark Nasjonalt Frukt- og Sidersenter nytta som input før intervjuet og i andre samanheng



Nasjonalt Frukt- og Sidersenter

- Forprosjekt for å greie ut etableringa av eit nasjonalt senter

Bakgrunn

Forprosjektet Nasjonalt Frukt- og Sidersenter har hatt som mål å greie ut nytten av å samle strategisk kompetanse, innovasjon og formidling i eit nasjonalt senter. Prosjektet har sett nærare på desse områda:

- 1) Kartlegge produksjon, kompetansebehov og nettverk for å forankre prosjektet hjå aktuelle aktørar
- 2) Vurdere rollar, samarbeidsformer og innhald
- 3) Utarbeide kalkylar for økonomi ved ulike modellar
- 4) Vurdere modellar for organisering, etablering og strategi

Prosjektet er finansiert av Vestland Fylkeskommune, NIBIO, Hardangerrådet, Sparebankstiftinga Hardanger og lokale einingar innan frukt- og sidernæringa. Arbeidet starta i mars 2021 og rapporten frå forprosjektet vart levert i juni 2022. Prosjektet er no i ein mellomfase der me ynskjer å ha dialog med viktige aktørar i heile verdikjeda om nytteverdi og retning.

Nosituasjon – Ei næring i vekst

Frukt og bær er den største enkeltnæringa innan grøntsektoren med ein produksjonsverdi på 5,4 mrd. kroner i 2021. Norske siderprodusentar har auka salet av sider gjennom Vinmonopolet frå 31' liter i 2016 til 286' liter i 2021 - ein auke på 819 %! I tillegg kjem auka sal av most og sider frå gardsutsal og framvekst av gardsturisme.

Likevel, frukt- og sidernæringa er meir enn nokon gong i ei brytningstid. Det er trong for meir frukt både til konsum og sider. I magre år vert det rett og slett for lite frukt. Samstundes er det ei politisk satsing på frukt og grønt med mål om å auke den norsk-produserte delen av totalomsetnaden. Meir frukt trengst og då trengs det meir forskning og utvikling kring kvalitet og produktivitet. Ikkje minst må innovasjon bli mykje meir driven av sluttkunden og etterspurnaden i marknaden. Verdikjeda «frå jord til bord» er stor i breidde og djupne med mange aktørar og interessentar. I ei næring med mange og dels små aktørar, er det stor fare for suboptimalisering dels



silotankesett grunna manglande koordinering, samarbeid og utveksling av viktig kunnskap innan kvart område og mellom dei ulike ledda i verdikjeda. Eit nasjonalt kompetansesenter for frukt og sider vil kunne bidra til auka samarbeid og strategiske satsing på forskning, innovasjon, marknads-/forretningsutvikling og kompetansebygging innan frukt og sider. Figuren syner korleis eit nasjonalt senter kan spele ei rolle som koordinator og bindeledd mellom brukarane, FoU-miljøa og aktørar kring frukt- og sidernæringa.

Kva verdi kan eit nasjonalt senter skape?

I rapporten 'Grøntsektoren mot 2035' slår Grøntutvalet fast at: «Grøntsektoren manglar fellesskapsløysingar for prioriteringar innan forskning, utvikling og innovasjon». Utvalet sa at tyngdepunktet for FoU må skyvast frå produktivetsforbetringar og over mot utvikling av norsk kvalitet og særpreg. «Grøntappen» vart levert våren 2020, og Forum for Norsk Grønt vart etablert for å realisere måla i rapporten.

Grøntutvalet teiknar eit optimistisk og ambisiøst bilete for heile grøntsektoren med klare mål om både å auke forbruket og auke den norskproduserte delen av frukt og grønt. Dette vil ikkje gjere seg sjølv. Kjernepunktet er at veksten må skje gjennom utvikling av mangfald i tilbodet av frukt og grønt gjennom innovasjon retta sjølvst mot produktivitet, men i endå større grad mot forbrukarane og etterspurnad i marknaden. Det er trong for å få til ei sterkare kopling mellom produksjonsleddet og marknaden, og mellom aktørane i verdikjeda og dei som drive med forskning og utvikling. Denne koplinga er ikkje alltid til stades i dag, og det er her eit Nasjonalt Frukt- og Sidersenter kan vere ein katalysator innan denne viktige delen av grøntnæringa.

Mål frå «Grøntappen»:

1. Auke forbruket av frukt og grønt med 75 % innan 2035
2. Auke den norskproduserte delen av frukt og grønt med 50 %



Den overordna grunn tanken med eit slikt senter er slik prosjektet ser det:

Grunnidé:

«Støtta frukt- og sidernæringa ved å fremja samhandling og løyse utfordringar innan FoU, marknad- og kompetanseutvikling slik at det vert attraktivt for aktørane å investere i og vidareutvikle næringa i åra som kjem.»

Målet er å få etablert eit nasjonalt frukt- og sidersenter med formålet om:

- 1) Ta initiativ til å samkøyre felles FoU-prosjekt med stor innverknad på etterspurnad og/eller produktivitet
- 2) Formidle lærdom, kompetanse og byggje infrastruktur som næringa treng
- 3) Vere eit senter som har oversyn og kontaktnett innan det beste som finst av kompetanse og utviklingsressursar innan frukt- og siderforskning i Noreg
- 4) Samarbeide og byggje relasjonar til aktørar innan kringliggjande næringar som gardsturisme, kulturarv/museum, festivalar, internasjonale aktørar/partnarar og liknande

Kva må til for å lukkast?

Prosjektet har identifisert 3 kritiske område ein må lukkast med å levere på; 1) Forsking og utvikling, 2) Marknadsinnsikt og 3) Formidling av kunnskap og kompetanse. Desse tre områda er viktig kvar for seg, men og samlast sett av di dei heng saman og er i høg grad avhengig av kvarandre. I tillegg vil det vere avgjerande at dei ulike aktørane i verdikjeda er involvert i styringa av senteret for å forankre mål, prioriteringar og få til samhandling og relasjonar på tvers av verdikjeda.

1. Forsking og utvikling

Vere eit nav og ein pådrivar for meir, betre koordinert og etterspurnadsdriven FoU med bakgrunn i tilrådinga frå Grøntutvalet om; 70 % FoU kring norsk kvalitet og særpreg, og 30 % kring produktivitet i heile verdikjeda.

2. Marknadsinnsikt

Ha innsikt i utviklinga i marknaden og hjå forbrukarane for frukt, most og sidar. Arbeide for å same FoU-miljø, interessegrupper og brukarar til felles prosjekt med innverknad på produktivitet, kvalitet og etterspurnad.

3. Formidling

Arbeide for å auka formidling av kunnskap og kompetanse tilpassa dei ulike aktørane i verdikjeda. I tillegg formidle kunnskap til ålmenta om næringa si historie, notid og framtid til ålmenta.



Kva for innhald og organisering?

Det er naturleg å organisere ressursane i eit nasjonalt senter kring dei tre hovudområda. Figuren under skildrar dei tre funksjonane og litt om innhaldet i kvar av dei. Forprosjektet har ikkje gått i djupne, men har skissert 15 aktuelle prosjektområde som eit nasjonalt senter kan bidra til å koordinere eller ta initiativ til i lag med aktørane i næringa. Alle desse vil ha ein parallellitet og ha innverknad på måla i «Grøntrapporten»- om skyving av tyngdepunkt i FoU til 70 % norsk kvalitet og særpreg og 30 % produktivitet.



Organiseringa og styringsmodellen for senteret blir særskilt viktig. Senteret må vere godt rotfesta i heile verdikjeda. Forprosjektet legg vekt på eit -multi-dimensjonalt- styresett der viktige aktørar i verdikjeda er representert som folk frå ulike FoU-miljø, produsentar (konsum, sider, gardsturisme), pakkeri, sisteled, offentlege, Horeca osv. I tillegg må ein sikte mot ein god geografisk representasjon. Ei slik tilnærming vil virke inn på samansetnaden av styret, årsmøtet, rådgjevande utval, utvikling av kommunikasjon og nettverk og samspel. Ei stifting kan vere ein tenleg selskapsform, men dette må sjåast nærare på i ein seinare fase av prosjektet.

Kva er vegen vidare?

Prosjektet er no i ein mellomfase der me ynskjer å forankre, få synspunkt og innspel frå viktige aktørar i frukt- og sidernæringa. Me vil også intervju andre nasjonale sentre for å få tilgang til lærdom om prosess fram til realisering og korleis senteret er drifta. Dette innsikts- og forankringsarbeidet vil me summere opp og nytte det til å utvikle ein pilot, ein -miniatyr- av eit mogeleg framtidig Nasjonalt Frukt- og Sidersenter. Då kan me i ein prøveperiode få teste ut verdien av eit slikt senter. Suksessen vil vere avhengig av den verdi senteret klarer å skape og tilføre aktørane i frukt- og sidernæringa. Difor er det viktig no å få avklart både forventningar og konkret innspel interessentane har til kva eit slikt senter skal prioritere å jobbe med innan FoU, marknads- /forretningsutvikling og formidling kunnskap og kompetanse.



Arbeidsgruppa – dei som deltek i prosjektet

Har du spørsmål eller ynskjer å vite meir om dette prosjektet, er du velkomen til å ta kontakt med:

- Prosjektleiar Gunnhild Jaastad tlf: 959 02678 e-post: gunnhild.jaastad@nibio.no
- Prosjektressurs Tom Rasmussen tlf: 907 60832 e-post: tom@trconsulting.no

Eller du kan ta kontakt med ei/ein av dei andre i arbeidsgruppa. Alle innspel både stor og små vil bli vel mottekne!

